



Eid kommune

Kommunedelplan for oppvekst 0-19 år 2017-2029



Vedtaksorgan: Kommunestyret

Saks nr: 16/20318

Dato: 16.03.17

Versjon: 1


eid
INVITERER

Innhold

Forord.....	3
1 Innleiing	4
2 Føringar.....	6
2.1 Lokale føringar	6
2.2 Nasjonale føringar	8
2.3 Kommenterar til førre plan.....	9
3 Ståstad for oppvekst i Eid kommune.....	10
3.1 Presentasjon av tenester og ulike instansar.....	10
3.1.1 Barnehagar	10
3.1.2 Barneskular.....	11
3.1.3 Skulefritidsordning (SFO):.....	11
3.1.4 Ungdomsskule	12
3.1.5 Eid vidaregåande skule.....	13
3.1.6 Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)	13
3.1.7 Uteanlegg ved kommunale barnehagar og skular.....	14
3.1.8 Kulturavdeling	15
3.1.9 Frivillig innsats	15
3.1.10 Helsestasjon	16
3.1.11 Fysio- og ergoterapitenesta.....	17
3.1.12 Legetenesta	17
3.1.13 Eid barnevernsteneste.....	18
3.1.14 NAV Eid.....	19
3.2 Levekårstilhøve for barn og unge i Eid	20
3.2.1 Nære relasjonar	21
3.2.2 Skule og utdanning	21
3.2.3 Fråfall.....	22
3.2.4 Fritidsaktivitetar	22
3.2.5 Mediebruk	23
3.2.6 Helse og trivsel	23
3.2.7 Psykisk helse	24

3.2.8 Trening.....	24
3.2.9 Fysisk helse	25
3.2.10 Rusmiddelbruk.....	26
3.2.11 Narkotiske stoff	26
3.2.12 Risikoåtferd.....	27
3.2.13 Vald.....	27
3.2.14 Mobbing	27
3.2.15 Digital mobbing	28
3.3 Trender og utvikling.....	29
4. Å vekse opp i Eid.....	31
4.1 Støtte foreldre	32
4.1.1 Foreldrerettleiing.....	32
4.2 Utvikle tenestene – eit godt offentleg tilbod	35
4.2.1.Leiing og organisasjonsutvikling.....	35
4.2.2 Variert undervisning.....	35
4.2.3 Trygge og inkluderande miljø i barnehage og skule.....	36
4.2.4 Språkstimulering og lesekultur.....	37
4.2.5 Kompetanse for mangfald	38
4.2.6 Samarbeid på tvers – ulike sektorar internt og eksternt.....	38
4.3 Fritid og samfunn.....	40
4.3.1 Fritidstilbod for barn og unge i Eid	40
5 Handlingsdel	41

Forord

Kommunestyret i Eid har sett eit overordna mål for dei som skal vekse opp i Eid:

«Barn og unge i Eid skal få nytte og utvikle evnene sine i ein trygg oppvekst med rom for alle. Barn og unge i Eid skal bli sjølvstendige menneske med god fysisk og psykisk helse. Eid kommune skal hjelpe barn og unge til å meistre viktige utviklingsoppgåver, både fysisk, sosialt og kognitivt.»

Dette målet er nedfelt i kommuneplanen sin samfunnsdel for perioden 2013-2025. Kommunedelplan for oppvekst er ein av fleire planar som følgjer opp denne overordna planen. Kapitlet «Å vekse opp i Eid» har mål og strategiar som no blir utdjupa og konkretiserte i denne oppvekstplanen. Alle gode krefter i samfunnet vårt må medverke om vi skal lukkast med å gi alle barn og unge gode livs- og vekstvilkår. Dei viktigaste personane i barn og unge sine liv er foreldre og nær familie. Det er difor viktig at andre aktørar støttar og samarbeider med dei næraste omsorgspersonane slik at dei lukkast med sine oppgåver.

Ein god oppvekst er avhengig av at vi ser heilskap og samanheng i tenesteområda retta mot barn og unge, og ikkje minst at vi er opptekne av å samarbeide med lag og organisasjonar som gir rike bidrag til ei aktiv og meningsfull fritid. Denne planen skal vere med på å gi retning i arbeidet, og den forpliktar dei tilsette i Eid kommune til felles og koordinert innsats for alle barn og unge. Det enkelte barn sitt ve og vel skal stå i sentrum for våre planar og tiltak uavhengig av kvar vi møter dei og kva teneste som er involvert. Det viktigaste av alt er at vi møter kvar enkelt med respekt og omtanke og lar dei medverke i eige liv!

No handlar det om å samle kreftene i samfunnet vårt slik at vi gir våre barn og unge gode oppvekstvilkår og i fellesskap arbeider mot det som er sluttmålet etter endt grunnopplæring (frå generell del av læreplanen): «Opplæringa skal medverke til ei karakterdanning som gir den einskilde kraft til å ta hand om eige liv, pliktkjensle for samfunnslivet og omsorg for livsmiljøet. Sluttmålet for opplæringa er å eggje den einskilde til å realisere seg sjølv på måtar som kjem fellesskapet til gode - å fostre til menneskelegdom for eit samfunn i utvikling.»

*Skänken edra barn en skönhet
den människoögon ej sett,
skänken edra barn en kraft
att bryta himlens portar upp.*

Edith Södergran

Nordfjordeid, 10.09.2016

Åslaug Krogsæter
rådmann

1 Innleiing

Eid kommune skal vere ein attraktiv kommune for barnefamiljar å bu i og flytte til. Ein av føresetnadene for det er gode og framtidsetta barnehagar og skular. Tenestetilbodet for barn og unge i Eid kommune skal vere av god kvalitet og i samsvar med nasjonale føringar i lover og forskrifter.

For å få dette til, er god planlegging med felles mål, strategiar og tiltak heilt avgjerande. Gjeldande kommunedelplan for oppvekst «Kommunedelplan for grunnskulen i Eid 2012-2015» gjeld for grunnskuleelevar frå 6 – 16 år. Ny kommunedelplan vil gjelde for aldersgruppa 0-19 år og mellom anna omfatte barnehage, grunnskule, kulturskule, helsetenester, pedagogisk-psykologisk tenestekontor og barnevern.

Planprosess

Det har vore ein omfattande planprosess. Dette fordi planen skal omfatte heile oppvekstløpet frå 0-19 år og legge føringar for framtidig arbeid for alle kommunale tenester som arbeider for barn og unge. For å få ein plan som tilsette i ulike tenester kjenner eigarforhold til, vart det difor lagt vekt på at prosessen var viktig.

Vedtak i formannskapet 30.04.14 – F-089/14: Arbeidet med «Kommunedelplan for oppvekst 2015-2026» vert starta opp, og framlegg til planprogram vert lagt ut til offentleg ettersyn frå 08.05.14 i seks veker

Vedtak i formannskapet 18.09.14 – F-162/14: «Planprogram – kommunedelplan for oppvekst 2015-2026» vedteke

Vedtak i oppvekst- og kulturutvalet 12.04.16 – OK-017/16:

Godkjenning av kap. 1-4.

Medverknad

Rådmannsgruppa har vore styringsgruppe med kommunalsjef for oppvekst som

prosjektansvarleg. Prosjektgruppa har vore tverrfagleg samansett med representantar frå kommunenivå oppvekst, barnehage, skule, helsestasjon/psykolog, fysioterapiteneste, folkehelse/planavdeling, barnevern og psykiatriteneste. Referansegruppa har også vore breitt samansett av representantar frå mange ulike grupper og instansar.

I tillegg til informasjon og vedtak i politiske utval undervegs i prosessen, har det vore gjennomført fleire ulik medverknadsprosessar. Planarbeidet har vore sak i elevråd, Eid ungdomsråd og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Det har vore arrangert møte for frivillige lag og organisasjonar og eige møte for foreldrerepresentantar i barnehage og skule.

Gjennom dei ulike prosessane har ein fått viktige og nyttige innspel til arbeidet. Desse innspela har mellom anna gått på barn og unge sin tidsbruk - balanse i kvardagen med tid til aktivitet i heimen, nærmiljøet, fritidsaktivitetar og spel/sosiale medium. I tillegg har viktige tema vore mobbing, nettvett og tilrettelegging for meir fysisk aktivitet.

Prosjektgruppa har på bakgrunn av ståstad for oppvekst i Eid kommune, undersøkingar om levekår for barn og unge, utviklingstrendar i samfunnet og medverknadsprosessar, kome fram til følgjande satsingsområde:

- Støtte foreldre
- Utvikle tenestene – eit godt offentleg tilbod
- Fritid og samfunn




2 Føringer

2.1 Lokale føringer

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2013-2015 er overordna og legg føringer for utarbeiding av kommunedelplanane.

Kommunedelplan for oppvekst bygger vidare på samfunnsdelen, og er ein reiskap for å sikre at føringane til kommunestyret for samfunnsutviklinga i Eid vert omsett til handling. Planen vert etter plan- og bygningslova rullert årleg og revidert kvart fjerde år. Det vil seie at ein årleg gjer ei vurdering knytt til handlingsdelen medan ein kvart fjerde år har ein meir omfattende gjennomgang. Kommunedelplan for oppvekst legg så føringer for andre planar i dei ulike avdelingane, som til dømes verksemdsplanar.



Figur 1 Årshjul Eid kommune

I kommunen sine overordna planar står det mellom anna at Eid kommune skal vere ein god stad å vekse opp og bu i for alle kommunen sine innbyggjarar. Grunnhaldninga er at alle menneske er likeverdige og

samhandlar i eit trygt og godt oppvekstmiljø. Barn og unge skal oppleve motivasjon, meistring og glede i samspel med andre. Dei skal oppleve faglege utfordringar, medansvar, toleranse, det å vere romsleg og sjå seg sjølve som ein del av eit større fellesskap. Oppvekstplanen tek speiselt utgangspunkt i kapittelet «Å vekse opp i Eid».

Hovudmåla for oppvekst i Eid i følgje kommuneplanen sin samfunnsdel er:

- Barn og unge i Eid skal få nytte og utvikle evnene sine i ein trygg oppvekst med rom for alle
- Barn og unge i Eid skal bli sjølvstendige menneske med god fysisk og psykisk helse
- Eid kommune skal hjelpe barn og unge til å meistre viktige utviklingsoppgåver, både fysisk, sosialt og kognitivt

Eid kommune sine strategiar som samfunnsutviklar :

- Gje alle barn ein trygg og tilpassa oppvekst i eit inkluderande fellesskap
- Samarbeide med frivillige lag og organisasjonar, med hovudfokus på barne- og ungdomsaktivitetar

- Sikre at barn og unge i størst mogleg grad kan gå eller sykle til skulen gjennom å påverke utbygging av trygge skuleveggar
- Stimulere til anleggsutvikling som skaper fysisk aktivitet, med fokus på anlegg i nærleiken av skulane og bustadområde
- Utvikle aktivitet og trivsel gjennom samarbeid med frivillige lag og organisasjonar
- Arbeide med inkludering av innflyttarar og innvandrarar
- Støtte opp om aktive og inkluderande fritidsaktivitetar

Eid kommune sine strategiar som forvaltar:

- Planlegge kontakt mellom naturområde og barnehage/skule
- Sikre brukarane sin medråderett
- Sikre tverrfaglege vurderingar av brukaren sitt tenestetilbod

Eid kommune sine strategiar som tenesteytar:

- Utvikle aktivitet og trivsel gjennom samarbeid med frivillige lag og organisasjonar
- Tilby skulefritidsordning ved alle skulane
- Ha eit breiddetilbod i kulturskulen gjennom til dømes korps, kor, bildekunst og dans
- Ha eit spesialisert tilbod i kulturskulen med ein-til-ein og smågruppeundervisning
- Aktivt bruke friluftsområde i nærleiken av barnehagar og skular
- Syte for at alle barn og unge har ein oppvekst og ei opplæring saman med andre

- Hjelp flest mogleg barn og unge som treng ekstra tilrettelegging gjennom å integrere samarbeidet mellom dei ulike tenestene
- Legge særleg vekt på basisfaga norsk, matematikk og engelsk
- Ha eit tett samarbeid mellom skule, kultur og næringsliv
- Formidle oppdatert og relevant informasjon som kan verke førebyggjande for innbyggjarane si psykiske og fysiske helse
- Motivere innbyggjarane til å ta ansvar for eiga helse
- Tenestepriinsipp: Hjelp til sjølvhjelp
- Prioritere tidleg innsats med tverrfagleg koordinering for å unngå at brukarane sine problem vert større over tid
- Ta i bruk kulturaktivitetar som eit verkemiddel for å skape betre livskvalitet
- Ha eit spesielt fokus på barn og unge i førebyggjande arbeid
- Tilby barnehageplassar for tilflyttarar som ville hatt lovbestemt rett om dei var innbyggjarar
- Legge til rette for integrering av arbeidsinnvandrarar
- Utvikle biblioteket som ein kulturarena
- Stille lokale til disposisjon for fysisk og kulturell aktivitet

Strategiar for å utvikle organisasjonen (samfunnsdelen)

I kommuneplanen sin samfunnsdel (2013-2025) vert det i kapittel 6 gjort greie for ulike strategiar for å utvikle organisasjonen. Det vert spesielt lagt vekt på å dele kompetanse, kunnskap og erfaring mellom avdelingane. I tillegg vert systematisk opplæring, vurdere samarbeid internt og interkommunalt og å ha gode informasjonsrutinar vektlagt.



Figur 2 Samfunnsdelen Eid kommune

2.2 Nasjonale føringar

Det er ulike lover og føringar for rettar og plikter som gjeld barn og unge. FN sin konvensjon om barnerettane, ratifisert av Noreg 8. januar 1991, er overordna anna lovverk som gjeld barn og unge. I artikkel 3 vert det tydeleg presisert at ved alle handlingar som vedkjem barn, skal det som gagnar barnet best vere eit grunnleggande syn. Barnet skal sikrast nødvendig vern og omsorg av føresette for å kunne trivast. Alle institusjonar og tenester skal rette seg etter dei standardane som styresmaktene har fastsett. I tekstboksen til høgre er nokre av dei mest sentrale lovene, forskriftene og reittleiarane som kommunane skal styre etter.

Lovverk:

Barnekonvensjonen
Barnehagelova
Opplæringslova
Lov om kommunal helse- og omsorgsteneste
Psykisk helsevernlova
Lov om barnevernteneste
Introduksjonslova
Folkehelselova
Kulturlova
Plan- og bygningslova

Forskrifter og reittleiarar:

Forskrift til opplæringslova
Forskrift til barnehagelova
Forskrift om miljøretta helsevern i skule og barnehage
Anna rammeverk for barnehagar og skular
Stortingsmeldingar
NOU-publikasjonar
Reittleiarar frå utdanningsdirektoratet

2.3 Kommentarer til første plan

Gjeldande kommunedelplan «Kommunedelplan for grunnskulen i Eid 2012-15» omhandlar berre grunnskulen. I planstrategi for Eid kommune 2012-2016 vart det lagt føringar for at revidert plan bør omfatte heile oppvekstsektoren og omhandle barn og unge frå 0-19 år.

Kommunedelplan for grunnskulen i Eid 2012-15 hadde desse måla:

- Eid kommune skal gje eit godt og inkluderande grunnskuletilbod til alle elevar
- Alle skal tilhøyre ei klasse, og ein skal leggje vekt på kvalitet i opplæringa
- Hovudsatsingsområda er norsk, matematikk og engelsk. I tillegg skal ein satse på å vidareutvikle vurdering og klasseleiing
- Vi vil at elevane i Eid skal verte gode lesarar, og leseopplæringa skal vere prioritert ved alle skulane
- Hovudmålet er at alle elevane skal lære å lese i 1. klasse, og ingen elevar skal vere på nivå 1 ved dei nasjonale prøvene
- Alle tilsette ved skulane skal vite at dei viktigaste faktorane for gode og sosiale resultat er; gode lærarar, god klasseleiing,

god skuleleiing, og godt samarbeid mellom skule og heim og positive relasjonar mellom lærarar og elevar

Korleis har ein jobba i planperioden:

- Laga plan for kartlegging i basisfaga og laga spesialpedagogisk plan
- Over 100 lærarar har teke vidareutdanning i matematikk, engelsk, lesing og rettleiing
- Tilbod om etterutdanning i klasseleiing og vurdering

3 Ståstad for oppvekst i Eid kommune

Foreldra er barna sine viktigaste omsorgspersonar. I tillegg til foreldra er det mange som påverkar barndommen til den enkelte. Dette kan vere tilsette i barnehage, skule og SFO. Ulike tenester som til dømes helsestasjon, pedagogisk-psykologisk teneste og barnevern kan og kome inn i både førebygging og hjelpetiltak. Også personar i nærmiljø og fritidsaktivitetar er viktige gjennom oppveksten. Åleine og i samarbeid formar desse personane kvardagen og framtida til barn og unge i Eid. Under kjem ein presentasjon av ulike tenester og ei omtale av frivillig arbeid som vert utført i Eid kommune.

3.1 Presentasjon av tenester og ulike instansar

3.1.1 Barnehagar

I dag har Eid kommune fire kommunale barnehagar, tre private barnehagar og to private familiebarnehagar. I 2011 vart Golvsengane barnehage med åtte avdelingar opna, og to mindre barnehagar lagt ned. Etter omlegginga vart det difor to kommunale barnehagar i sentrum i tillegg til barnehagar på Haugen og Stårheim.

Det er felles opptak for alle barnehagane i Eid kommune. Hovudopptaket er i mars, men ein kan søkje om plass i barnehage heile året (barnehagelova §12). Det har vore lite endring frå 2008 til 2015 i tal barn i barnehagane i Eid. Det er nedgang i fødselstal, men auka tilflytting gir stabilt barnetal. Det er i dag full barnehagedekning, og ein ser føre seg at ein kan oppretthalde same tilbod i åra framover.

Frå 1. mai 2015 vart det mogleg å søkje om redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid, og ingen husstandar skal betale meir enn 6 % av samla inntekt for ein barnehageplass. Dei med lågast inntekt kan i tillegg søkje om gratis kjernetid, inntil 20 timar pr. veke for 4- og 5-

åringar. Frå 1. august 2016 gjeld dette 3-, 4- og 5-åringar.



Figur 3 Golvsengane bhg Eid kommune

Alle barnehagane i Eid har «Beste praksis» som felles kvalitetshevingprogram. Kvart barnehageår har barnehagane to satsingsområde som ein kallar fokusområde. Det vert i kvart fokusområde sett opp standardar som indikerer det faglege nivået som sikrar kvalitet. «Beste praksis» er uttrykk for korleis kvar og ein må jobbe for å innfri desse kvalitetskrava. Tematiske fokusområde frå 2012 til 2016 har mellom anna vore språkstimulering, psykososialt miljø og barnehage/heim- samarbeid. Denne arbeidsmåten involverer og aukar kompetansen til alle tilsette i barnehagen, og

gir styrarar og pedagogiske leiarar god kompetanse innan leiing.

Sidan 2014 har kommunen jobba mykje med det tverrfaglege prosjektet «Sjumilssteget». Prosjektet har utspring i Barnekonvensjonen og erkjenninga av at samfunnsoppdraget knytt til konvensjonen må løysast gjennom eit breitt samarbeid.

«Kompetanse for mangfald» er også eit satsingsområde for to av barnehagane. Denne satsinga har som mål å auke kompetansen til tilsette på det fleirkulturelle området. Dette gjeld mellom anna arbeid med lovverk, kultur og språkoppføring.

3.1.2 Barneskular

Sidan 60-talet har det vore få endringar i skulestrukturen i Eid kommune. I 2012 vart det vedteke å legge ned barneskulen i Kjølisdalen. Kjølisdalen Montessoriskule vart då etablert. Dei fire kommunale barneskulane er Nordfjordeid skule, Haugen skule, Stårheim skule og Hjelle skule. Elevtala ved skulane har vore ganske stabile, men ein ser ein tendens til auka press på sentrumsskulen.

Frå førre planperiode (2012-2015) har ein jobba mykje med basisfaga norsk, matematikk og engelsk og hatt dette som hovudsatsingsområde.

Utviklinga innan utdanningssektoren dei siste tiåra, har medført auka krav til skuleleiinga. Rektor har ansvar for både individuell og kollektiv drift og utvikling. Sentrale tema har vore elevane sin trivsel og læringsutbytte. På bakgrunn av dette, har elevundersøkingar, kartleggingar og nasjonale prøver vorte innførte. Målet har vore å kunne sette inn tiltak tidleg og tilpasse undervisninga. Spesielt har fokus på læraren som klasseleiar vore viktig. Lærarane har jobba med å ha ein fast struktur som elevane kjenner, og er trygge på.

Dei har vore opptekne av at kvar elev skal oppleve å verte sett og høyrte kvar dag, og ha fokus på tett samarbeid med heimen.

Ei god tilbakemelding kan gi elevane lyst og motivasjon til vidare arbeid og forbetring i faget, og difor har kunnskap om korleis ein kan nytte vurdering som kjelde til læring også vore sentralt. I 2015-16 er barneskulane med i fellessatsinga «Vurdering for læring». Dette er ei skulebasert satsing der kollegiet saman utviklar seg og organisasjonen. Av sosiale læringsverktøy satsar to av skulane på «PALS – positiv åtferd og eit læringsmiljø som er støttande», og elles er «Steg for steg» og «Det er mitt val» i bruk. Dette er program for utvikling av eit godt læringsmiljø og læring av sosial og emosjonell kompetanse.

Eit aspekt som har kome meir inn dei siste åra i utviklingsarbeidet i skulen, har vore å sjå «heile barnet». Frå 2014 har kommunen og i skulen jobba mykje med det tverrfaglege prosjektet «Foreldrerettleiing - snakke saman – vere saman» (sjå nærare forklaring under punkt 3.1.1.).



Figur 4 «Bli med» Eid kommune

3.1.3 Skulefritidsordning (SFO):

I dag har alle barneskulane i Eid kommune eit SFO-tilbod til elevane. SFO er open om morgonen frå kl. 07.30 - 08.50, og om ettermiddagen frå kl. 14.30 - 16.30. Onsdagar er opningstida om ettermiddagen kl. 10.50 – 16.30.

Nordfjordeid skule har SFO-tilbod i feriar. I tillegg har Eid kommune eit samarbeid med Haugen idrettslag sin «Sommarcamp», og Eid fotball med SFO-tilbod onsdagar.

Rektor ved kvar skule er ansvarleg for SFO, og det vert arbeidd aktivt for at skule og SFO skal ha ei felles pedagogisk plattform. I samsvar med opplæringslova har Eid kommune hatt fokus på at dei ansvarlege for SFO har pedagogisk utdanning ved nyttilsetting.

Skulefritidsordninga er regulert i opplæringslova §13-7. SFO skal legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. SFO skal gi barna omsorg og tilsyn. Kommunen har ansvar for skyss til/frå SFO for elevvar med funksjonshemming eller mellombels skade eller sjukdom. Elles er skyss til/frå SFO foreldra sitt ansvar.

Kommunen er ikkje pålagd å ha eit bestemt tal plassar, og har heller ikkje plikt til å ha tilbod ved meir enn ein av skulane i kommunen.

3.1.4 Ungdomsskule

Eid kommune har ungdomsskule lokalisert i sentrum der alle elevane frå krinsane også går. Skulen har om lag 250 elevvar.

Eid ungdomsskule arbeider aktivt med trivsel, og gjennomfører faste aktivitetar for at elevane skal verte godt kjende med kvarandre frå første dag. Ein har jobba med at dei tilsette skal ha ei felles forståing for omgrepa respekt, medverknad og samarbeid. Dette som ein del av den overordna målsettinga om at skulen skal lykkast både fagleg og sosialt. Skulen har arbeidd med lokale læreplanar, og nyttar vurdering som kjelde til motivasjon og læring. Av sosiale læringsverktøy satsar skulen

på «Det er mitt val» (sjå nærare forklaring under punkt 3.1.2.).

Eid ungdomsskule har til liks med barneskulane i kommunen satsa på norsk, matematikk, engelsk, rettleiing, klasseleiing og vurdering. Mange av dei tilsette har teke vidareutdanning i rettleiing, og nokre har utdanna seg på masternivå i andre fag. Rektor, inspektør og rådgjevar har alle teke leiarutdanning, og skulen satsar på kontinuerleg skulebasert utvikling.



Figur 5 Eid ungdomsskule Eid kommune

I 2014-15 har Eid ungdomsskule vore med i ungdomstrinnssatsinga «Ungdomstrinn i utvikling». Denne satsinga har som mål å auke motivasjon og læringsutbytte hos elevane, og utvikle ei meir praktisk, relevant og variert undervisning. Eid ungdomsskule har i denne satsinga fokusert på klasseleiing og «rekning i alle fag». Rekneferdigheit er ein del av kompetansen i alle fag, og dreiar seg om å rekne innanfor konteksten av dei ulike faga. Lærarar i alle fag har eit felles ansvar for å støtte elevane si læring når det gjeld rekneferdigheit. Satsinga vart avslutta i desember 2015. Eid ungdomsskule ønskjer å halde fram arbeidet, og har valt å jobbe vidare med kollegaobservasjon og rettleiing. Andre satsingar ein jobbar med er å vidareutvikle fagplanar, tverrfaglege prosjekt og lesing i alle fag.

Auka mangfald har aktualisert trongen for å bygge kompetanse rundt minoritetsspråkleg undervisning, spesielt språk og lesing. Eid ungdomsskule har difor meldt seg på satsinga «Kompetanse for mangfald» (sjå nærare forklaring under punkt 3.1.1.).

Å utvikle gode uteområde er noko ungdomsskulen har lagt mykje vekt på dei siste åra. Motivasjonen for dette har vore ein auke i inaktive ungdomar og eit ønskje om at elevane skal halde fram med leikprega aktivitetar. Skulen har oppgradert uteområda med mellom anna ballbinge, volleyballnett, huske og musikk på høgtalarane.

Eid ungdomsskule samarbeider tett med barneskulane og Eid vidaregåande skule ved overgangar. Gode og forutsigbare overgangar mellom skulane gjer at elevane kjenner seg trygge, og at det vert lettare å gjennomføre tilpassa undervisning. Skulen har også delteke i foreldrerettleingsprosjektet «Snakke saman - vere saman» (sjå nærare forklaring under punkt 3.1.1.).

3.1.5 Eid vidaregåande skule

Eid vidaregåande skule er samlokalisert med Operahuset Nordfjord. Skulen har om lag 380 elevplassar fordelt på 21 grupper. Skulen har fylkesdekkande programområde for design og handverk og landsdekkande tilbod i industriell møbelproduksjon.

Utdanningsprogramma er studiespesialisering, elektrofag, teknikk og industriell produksjon og design og handverk. I tillegg har skulen innføringsklasse for minoritetsspråklege elevar og påbyggingsår til generell studiekompetanse.

Eid vidaregåande skule har eit nært samarbeid med lokale aktørar. Dei viktigaste av desse er Operahuset Nordfjord, Opera Nordfjord og

Malakoff Rockfestival. I tillegg har skulen eit godt samarbeid med lokalt, regionalt og nasjonalt nærings- og kulturliv. Eid vidaregåande skule har også tett samarbeid med ungdomsskulane i Nordfjord, og Eid ungdomsskule spesielt. Dette samarbeidet gjeld i hovudsak overgang mellom skulane, men også utviklingsarbeid for tilsette.

Skulen har entreprenørskap som ein viktig del av utviklingsplanen. Eid vidaregåande skule nyttar det aktivt som pedagogisk metode for å skape meistring og læring i ulike fag. Skulen har og tilbod om open skule på kveldstid som ledd i arbeidet for å auke fellesskap og trivsel. Skulen har høg gjennomføringsgrad og lavt fråfall.

3.1.6 Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT)

Sogn og Fjordane fylkeskommune eig og driv pedagogisk-psykologisk teneste for Eid og Vågsøy, og tenesta er plassert på Nordfjordeid. Eid kommune har avtale om kjøp av ca. to årsverk innan førskule, grunnskule og spesialundervisning for vaksne.



Figur 6 Eid kommune

PPT har som oppgåve å hjelpe barnehagane og skulane i arbeidet med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å legge betre til rette for barn og unge med særskilde behov. PPT utarbeider sakkunnig vurdering om spesialpedagogisk hjelp for førskulebarn og spesialundervisning for elevar i grunnskulen og vidaregåande opplæring.

Siste to åra har PPT Eid og Vågsøy arbeidd mykje med å etablere seg som eitt samla kontor med felles kontorlokale og felles arbeidsmåtar og rutinar. Det har vore arbeidd med kompetanseheving innan individ- og systemretta arbeid både gjennom intern erfaringsdeling og felles eksterne kurs.

Som eit ledd i å utvikle samarbeidet både i individsaker og når det gjeld systemarbeid, har PPT styrka rolla til kontaktpersonane ved barnehage og skule. Kontaktpersonen utarbeider i lag med styrar/rektor ein årsplan der ein avtaler faste møtetider og kva ein skal prioritere å arbeide med komande barnehage- og skuleår. Samarbeidet knytt til førebygging har også vore viktig gjennom deltaking i tverrfaglege samarbeidsmøte.

PPT for Eid og Vågsøy vil vidare halde fram med internt utviklingsarbeid i samarbeid med Statped vest. Frå februar 2016 har ein rådgjevar frå Statped vest vore med på faste personalmøte og hjelpt kontoret med å utvikle seg vidare. Temaet for utviklingsarbeidet har vore «Endringsorientert intern kvalitetsvurdering», og fokus har vore særleg på kommunikasjon og rettleiing.

3.1.7 Uteanlegg ved kommunale barnehagar og skular

Teknisk drift i Eid kommune har ansvaret for vedlikehald og tilsyn ved kommunale barnehagar, skular og uteområde.



Figur 7 Nordfjordeid skule Eid kommune

Uteområda fungerer som barna/elevane sine leike- og aktivitetsarenaer på dagtid og er attraktive møteplassar for barn og unge på kveldstid og i helgane.

Ved barneskulane i kommunen er det gymnastikksalar av ulik storleik. Desse vert brukte i kroppsøvingstimar og anna fysisk aktivitet for skulane. Gymnastikksalane dekkjer i stor grad behova for lokale til innandørs aktivitet rundt om i krinsane på kveldstid også. Gymnastikksalane ved skulane vert i hovudsak stilt fritt til disposisjon for brukarane.

Vedlikehald og oppgraderingar

Teknisk drift i Eid kommune utfører vedlikehald dagleg i barnehagar og skular gjennom vaktmeistertenesta og reinhaldstenesta. Dette er planlagde og faste oppgåver som reinhald, intern kontroll og tilsyn av tekniske anlegg. Dette er dei viktigaste oppgåvene som skal forhindre forfall og oppretthalde standard på bygga. Primært er dette innandørs, men gjeld også likefullt utandørs.

I Teknisk drift blir oppgåver planlagde ut frå blant anna innspel og bestillingar frå brukarane på dei kommunale bygga. Oppgåver er intern kontroll/tilsyn og vedlikehald generelt. For uteområda spesielt er det innspel mottatt frå alle kommunale barnehagar og skular som er grunnlaget for den overordna tiltaksplanen. Det vert denne

planen som styrer fordeling av midlar til utvikling av uteområda.

3.1.8 Kulturavdeling

Kulturavdelinga i Eid kommune vart oppretta i 2016. Den nye avdelinga vart då sett saman av Kulturskulen og Operahuset Nordfjord, og fekk i tillegg ansvar for andre administrative kulturoppgåver. Viktige tilbod som vert administrerte i Kulturavdelinga er opplæringa i Kulturskulen, utlån, formidling og arrangement i Eid Bibliotek og vising av eit rikt filmtilbod i Eid kino for alle samfunnsgrupper. Kulturavdelinga har også ansvar for «Gymmen» som inneheld studio og rockescene med øving- og konsertlokale, og kulturhuset «Operahuset Nordfjord», som er Eid kommune si storstove for kulturaktivitetar og arrangement. I tillegg kjem administrative oppgåver som kulturminne, tilskot til lag og organisasjonar, kommunedelplan for idrett og friluftsliv etc. I januar 2016 hadde kulturavdelinga 12,05 årsverk, og fleire personar tilknytt på timebasis.

Kulturskulen gir opplæring i instrument, vokal, å spele i eit rockeband, dans og visuell kunst. I tillegg samarbeider kulturskulen med barnehagar, skular, kor og korps. Kulturskulen i Eid er synleg i lokalmiljøet gjennom tett samarbeid med lag og organisasjonar og konsertar på institusjonar, politiske møte og ulike kulturarrangement.

I Eid kommune har kunst- og kulturopplevingar, og høve til kulturell eigenaktivitet vore ei prioritert satsing fordi kunst- og kulturopplevingar er viktige for utvikling av identitet, trivsel og sjølvoppfatning.

Fordi barn og unge treng varierte erfaringar på forskjellige arenaer og aktivitetar innan kultur, har eit sentralt fokusområde og ein viktig arbeidsmetode vore lav terskel for å

engasjere seg i samarbeidsprosjekt. Dette gjeld både internt mellom kommunale tenester, og med andre aktørar i lokalsamfunnet.



Figur 8 Operahuset Eid kommune

3.1.9 Frivillig innsats

Eid kommune har over 200 lag og organisasjonar.

Nasjonale undersøkingar syner at frivillig innsats utgjorde nærmare 140 000 årsverk i 2013 på landsbasis. Verdsett til same verdi som dei lønna årsverka, tilsvarer dette ein verdi på nesten 77 milliardar kroner. I Eid kommune kan frivillig innsats grovt sett delast i tre kategoriar; tradisjonelle lag og organisasjonar, festivalar og anna frivillig arbeid. Den enorme frivillige innsatsen er viktig for kommunen og lokalsamfunnet.



Figur 8 Malakoff Eid kommune

Lag og organisasjonar i Eid er gode på tilrettelegging og gjennomføring av større arrangement. Deltaking i lag og organisasjonsliv, med aktivt organisasjonsarbeid og organisering av aktivitetar i samarbeid med andre, bidreg til kompetanse og dugnadsånd som er viktig for samfunnet. Det vert arrangert eit breitt spekter av aktivitetar retta både mot medlemmer og andre.

Eid frivilligsentral

Gjennom frivilligsentralen kan ein finne eit vidt spekter av aktivitetar retta mot ulike grupper i samfunnet.

Det vert lagt mykje tid og innsats overfor ulike grupper og enkeltmenneske i samfunnet gjennom frivillig innsats. Det ligg ein eigen verdi i innsatsen ein rettar mot andre.

Frivilligsentralen samlar trådane slik at dei som vil bidra kan få assistanse til å finne ut kor ein kan gjere ein innsats. Det er ei positiv utvikling både på timar som vert brukte og personar som stiller opp.

Ein har spesielt jobba med å sjå på korleis kommunen kan legge best mogleg til rette for frivillig aktivitet. Kommunen gir økonomisk støtte til lag, organisasjonar, Eid frivilligsentral og ulike kulturelle arrangement. Årleg vert det delt ut to kulturprisar (kulturpris og ungdomen sin kulturpris).

Helseavdeling

Frå våren 2016 vart det oppretta ei helseavdeling der Eid helsestasjon, fysio- og ergoterapitenesta, kommunepsykolog og legetenesta er samla. Avdelingane har felles avdelingsleiar og egne faglege leiarar.

3.1.10 Helsestasjon

Helsestasjonen er eit tilbod til barn og unge i alderen 0-20 år, og arbeidet er forankra i lov om kommunale helsetenester. Tenesta omfattar svangerskapsomsorg / jordmorteneste, helsestasjon, skulehelseteneste, helsestasjon for ungdom (HFU) og miljøretta helsevern i barnehage og skule. Grunnbemanninga er jordmor, helsesøster og lege.

Helsestasjonen samarbeider særleg tett med fastlegen, men samarbeider også med fysio- og ergoterapeut, kommunepsykolog, tilsette i barnehage og skule, flyktning-tenesta, pedagogisk-psykologisk teneste (PPT), familierapeut, barnevern og koordinerande eining. Nær samarbeidspartnar utanfor kommunen, er Helse Førde med avdelingane Nordfjord barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk (BUP), Nordfjord psykiatrisenter (NPS) og Habiliteringstenesta for barn og unge (HABU). I tillegg til samarbeid med faginstansar, er foreldresamarbeid med vekt på barnet si stemme viktig.

Alle gravide får svangerskapsomsorg hos jordmor på helsestasjonen. Tilbodet er gratis, og syter for at gravide i Eid får råd og rettleiing.



Figur 9 Sagaparken Eid kommune

Frå fødselen av følgjer helsestasjonen med på barna si fysiske og psykososiale utvikling med fokus på tidleg innsats for å kunne avdekke utfordringar. Helsestasjonen arbeider etter offentlege rettleiarar, og sentrale

arbeidsoppgåver er vaksinasjon, helsekontrollar, oppfølging av barn med særskilde behov og koordinering av tenester for denne gruppa. For barn og unge med nedsett funksjonsevne, kan slike behov gjelde behov for støttekontakt, avlastningstiltak og tiltak for auka inkludering i skule og fritid. Grunnpilaren i arbeidet på helsestasjonen er å oppdage behov for helsetenester, og prøve å hindre utvikling av sjukdom i aldersgruppa 0 - 20 år.

To av helsesøstre ved helsestasjonen har etterutdanna seg i foreldrerettleiingsprogrammet «Circle of security» (COS). Dette er ein metode for å fremje god tilknytning mellom foreldre og barn. Barn treng støtte for å utforske, å bli passa på, oppleve å bli delt glede saman med, men også å bli ønska velkommen tilbake, bli beskytta, trøsta og få organisert kjenslene sine. Programmet vert brukt både på individ- og gruppenivå, og foreldre får og tilbod om opplæring.

Helsestasjonen har også delteke i det tverrfaglege prosjektet «Foreldrerettleiing – snakke saman – vere saman» (sjå forklaring punkt 3.1.1.).

Skulehelseteneste

Alle skulane i Eid kommune har tilbod om skulehelseteneste (5-20 år). Skulehelsetenesta er ansvarleg for vaksinasjon og gir i samarbeid med skulen tilbod om undervisning i klassar, grupper og einskildsamtaler. Skulehelsetenesta har også fast tilbod i den vidaregåande skulen.

Helsestasjon for ungdom

Helsestasjon for ungdom (HFU) er eit gratis tilbod til alle ungdomar mellom 13 og 20 år.

Kommunepsykolog

Kommunepsykologen arbeider med rettleiing av tilsette i barnehage, skule, barnevern og

helsestasjon. Stillinga har eit hovudfokus på førebygging. Pr. i dag er stillinga vakant, og det vert gjort vurderingar knytt til eventuell vidareføring. Eid kommune har tatt initiativ til eit interkommunalt samarbeid. Frå oktober 2016 til mars 2017 vert det arbeidd med å kartlegge korleis psykologtenesta i Nordfjord-kommunane skal utformast.

3.1.11 Fysio- og ergoterapitenesta

Eid kommune har organisert fysio- og ergoterapitenesta i ein privat og ein kommunal del. I privat del er det fire driftstilskot, fordelt på to institutt. I kommunal del er det to fysioterapeutar og ein ergoterapeut som jobbar i høve alle aldrar. Det er ca. 70 prosent stilling som jobbar direkte mot barn og unge. Kontorlokala er på Eid rådhus, men tilsette møter barn og unge for det meste i barnehagane og på skulane. Fysioterapeutane sin innfallsvinkel er i utgangspunktet kropp og rørsle. Tenesta vert kontakta av foreldre, helsestasjon, fastlege, PPT, barnehage eller skule. I tillegg får ein og tilvising frå spesialisthelsetenester. Fysio- og ergoterapitenesta er eit lågterskeltilbod i Eid kommune. Fysio- og ergoterapeutane i kommunen jobbar lite førebyggjande og mykje på individnivå. Fysio- og ergoterapitenesta jobbar mykje tverrfagleg og tverretatleg og har koordinatoransvar for mange barn med samansette vanskar. Tenesta jobbar og mykje med rettleiing av tilsette som jobbar med barn og er kontaktledd mellom spesialisthelsetenesta og foreldra.

Tenesta har dei siste åra auka kompetansen i høve barn og unge. Det har vore prioritert å komme raskt og tidleg inn når eit barn har vorte tilvist, spesielt for barn under to år.

3.1.12 Legetenesta

Gjennom fastlegeordninga skal kommunen sikre at alle får naudsynte

allmennlegetenester av god kvalitet til rett tid, og at alle personar busette i kommunen får ein fast allmennlege å halde seg til.

Det er sju fastlegar i Eid kommune. Alle legane arbeider ved Eid Legekontor. Eid kommune eig og driftar legekontoret, og kvar enkelt lege leiger lokale og sekretærtjenester av kommunen. Alle fastlegane er sjølvstendige næringsdrivande med individuelle fastlegeavtalar med Eid kommune. Gjennom fastlegeavtalane kan kvar fastlege forpliktast til kommunale delstillingar på inntil 7,5 timar pr. veke ved sidan av arbeidet som fastlege. I desse stillingane utfører dei fastlønna allmennlegeoppgåver i helsestasjons- og skulehelsetenesta, sjukeheimane, kommunal akutt døgneining og andre kommunale institusjonar med organisert legeteneste.

Fleire av legane ved kontoret har gjennomført femårig vidareutdanning og er godkjende spesialistar i allmennmedisin. Ein av legane har delstilling som kommuneoverlege. Kommuneoverlegen har eit overordna ansvar for mellom anna vern mot smittsame sjukdomar, helsefagleg rådgjeving, miljøretta helsevern, vedtak om tvungen undersøking etter lov om psykisk helsevern, og generell helseberedskap i kommunen.

Dei sju fastlegane ved kontoret har til saman ein listekapasitet på 6480 pasientar. For tida har 6191 pasientar fastlege i Eid.

Fastlegen har ansvar for alle allmennlegeoppgåver innan fysisk og psykisk helse og rus for alle innbygarane på lista. Fastlegen samarbeider breitt med dei andre delane av kommunen sine helse- og sosialtenester, spesialisthelsetenesta, NAV og andre. Alle fastlegar er pliktige å delta i legevakt.

3.1.13 Eid barnevernsteneste

Som ein del av oppvekstilbodet i Eid kommune har barnevernstenesta ei viktig oppgåve med å sikre at barn og unge får ein trygg oppvekst. Tenesta er heimla i barnevernlova. Lova gjeld for barn og ungdom til fylte 18 år, og i nokre tilfelle til fylte 23 år. Barnevernet sitt arbeid er i hovudsak å undersøke meldingar om bekymring, og å sette i verk og følge opp naudsynte hjelpetiltak.

Barnevernstenesta har ein sentral plass i det førebyggjande arbeidet i kommunen både generelt og på individnivå. Tenesta set inn hjelpetiltak for å kompensere for mangelfull omsorg, eller for å hjelpe barn med særlege behov.

Målet om tidleg avdekking av risikosaker og høve til å gi tilbod om hjelp så tidleg som råd, krev eit godt og aktivt tverrfagleg samarbeid. Barnevernstenesta tek del i tverrfaglege møte i barnehagar og skular og arbeider aktivt med førebygging, mellom anna gjennom det tverrfaglege samarbeidsprosjektet «Foreldrerettleiing – snakke saman – vere saman». Barnevernstenesta tilbyr og konsultasjon til andre tenester når desse er usikre på om det er grunnlag for å melde bekymring for eit barn.

Barnevernstenesta er og pålagt å ha beredskap utanom kontortid, slik at ein kan handtere akutte saker som oppstår kveld og helg.



Figur 1 Barnevernet Kjelde: Ung.no

EM-tiltaket (einslege mindreårige)

Gjennom «EM-tiltaket» har barnevernet i Eid ansvar for om lag ti mindreårige ungdomar med flyktningbakgrunn som bur åleine utan føresette.

3.1.14 NAV Eid

Delar av den kommunale sosialtenesta vart innlemma i NAV Eid frå 2009, men er framleis

ei kommunal teneste. NAV-kontoret på Eid har ti tilsette.

Dei fleste kommunale tenestene ved NAV Eid er heimla i sosialtenestelova i NAV. Lova skal bidra til likeverd og likestilling og førebygge sosiale problem. Lova skal også bidra til at utsette barn og unge og familiane deira får eit heilskapleg og samordna tenestetilbod.

3.2 Levekårstilhøve for barn og unge i Eid

Trivsel og livskvalitet har betydning både for den fysiske og psykiske helsa. Viktige faktorar for unge sin livskvalitet, er mellom anna økonomiske ressursar, mobbing, sosiale band, støtte frå familie og venner og det å kunne ta eigne val. Å ha kunnskap om korleis barn og unge sine liv blir påverka av ulike forhold, gjer det i større grad mogleg å skildre utfordringane og auke medvitet om korleis ein kan påverke utviklinga. Under dette punktet vert ulike data, både statistiske og erfaringsbaserte, presenterte. Vi har hatt ein brei prosess for å kome fram til ståstad i Eid kommune for barn og unge. I tillegg til spørjeundersøking om helsetilstand og påverknadsfaktorar for ungdomsskuleelevar, har vi også hatt erfaringsutveksling mellom tilsette og gjennomført medverknadsprosessar for elevar, foreldre, råd, utval og frivillige.

I den grå boksen under vert data frå den overordna statusrapporten «Helsetilstand og påverknadsfaktorar i Eid 2016», som er aktuell for denne planen, presenterte.

- Auke i tal innbyggjarar /fødselsoverskot
- Tal fødde minkar
- Høg del barn i barnehage (97 %)
- Auka sentralisering – fleire i sentrum - færre i bygdene
- Auke i tal flyktningar som vert busette i kommunen. Mange innvandrarak flyttar ut igjen, spesielt einslege
- Auke i tal arbeidsinnvandrarak
- Få arbeidsplassar for ufaglærte
- Auka uro knytt til «klasseskilje» («spriket mellom dei som klarar seg, og dei som ikkje gjer det vert større»), men det er låg ulikskap i inntekt – samanlikna med nivå på fylke og land
- Låg arbeidsløyse
- Auke i eineforsørgjarar under 45 år
- Auke i tal åleineforeldre
- Auke i tal omsorgstiltak (barnevernet), og mange saker er svært alvorlege når dei vert meldt til barnevernet
- Auke i tal elevar med åtferdsvanskar
- Elevantvikling – kun små svingingar
- Betre kosthald i barnehagane
- Høg deltaking på fritidstilbod
- Auka opplevd krav til prestasjonar og utsjånad - prestasjonspress
- Auke m.o.t utfordringar knytt til psykisk helse
- Auka del som ikkje er nok fysisk aktive og skilje mellom dei som er fysisk aktive og fysisk inaktive
- Auka del med høg BMI
- Auka utfordringar knytt til problematisk bruk av data / sosiale medium
- Auka usikkerheit, fleire foreldre er meir usikre i foreldrerolla
- Auka bekymring knytt til eiga helse («sjukleggjering»)
- Auka bekymring knytt til barna si framtid
- Auke i tal familiekonfliktar
- Høg grad av støttande foreldreåtferd
- Nedgang i mobbing i 7. klasse
- Mørketal med omsyn til utanforskap /ekskludering
- Auke innan datakriminalitet og vald i nære relasjonar
- Redusert bruk av rus blant ungdom
- Høg debutalder knytt til rus
- Meir snus, mindre røyk
- Nedgang i kriminalitet. Endring i type kriminalitet

3.2.1 Nære relasjonar

Det er tette band og tillit mellom generasjonane. Statistikken for Eid samsvarer med nasjonale tal der meir enn åtte av ti unge er fornøgde med foreldra sine. Dei aller fleste unge opplever at foreldra har god oversikt over fritidsaktivitetane deira og kven dei er saman med på fritida.


Ungdomstida er ein fase i livet der jamaldringar er særleg viktige. Samspel med jamaldringar har mykje å seie for utvikling av sjølvbilde og sosial kompetanse. Ungdomsundersøkingar i Eid syner at dei aller fleste har minst ein nær venn.



Figur 10 Saman i Eid kommune

3.2.2 Skule og utdanning

Nasjonale undersøkingar syner at dei aller fleste trivst på skulen. Det er små forskjellar mellom gutar og jenter, og mellom ungdom på ulike klassetrinn.



Tabell 1 Trivsel i skulen Kjelde: Utdanningsdirektoratet

Skuletrivselen er lågast blant ungdom som slit med psykiske helseplager, men også i denne

gruppa trivst dei fleste. Ni av ti meiner at lærarane bryr seg om dei og like mange føler at dei passar inn blant skulen sine elevar. Det er likevel ein del unge som gruar seg til å gå på skulen.

Friminutta er viktige for å kople av og vere saman med jamaldringar. I barneskulane har ein teke i bruk ulike tiltak for å auke elevane sin aktivitet i friminutta. Aktivitetane er elevstyrte gjennom aktivitetsleiarar. God vaksentettleik i friminutta vert prioritert ved skulane.


Fleire undersøkingar på landsnivå, syner at ungdom er meir pliktoppfyllande og disiplinerte enn for nokre tiår sidan. Relasjonane mellom elevar og lærarar har vorte betre, og færre ungdomar skulkar skulen.

Det er variasjonar når det gjeld kor lang tid ungdom brukar på lekser. 10 prosent gjer aldri lekser og ytterlegare 15 prosent brukar mindre enn ein halv time for dag. Dei fleste brukar mellom ein halv og to timar, medan 18 prosent brukar minst to timar dagleg. Det er fleire jenter enn gutar som brukar mykje tid på lekser. Elevane som gjekk ut av grunnskulen våren 2015 i Eid hadde i snitt gode standpunkt- og eksamenskaraktarar, og dette er eit godt utgangspunkt for vidaregåande skule.

Sogn og Fjordane har prestert på topp i nasjonale prøver i matematikk, norsk og lesing sjølv om inntekts- og utdanningsnivået i fylket er lågare enn det nasjonale gjennomsnittet. Tolv forskargrupper i Lærande Regionar har forska på dette. Resultata av undersøkinga viser at foreldra sine haldningar påverkar elevane sine skuleprestasjonar positivt. Saman med mellom anna fokus både på overordna fagleg- og organisatorisk samarbeid ser forskarane at samarbeid mellom lærarar /skule, elevar og foreldre skaper forandring.

Fag	Eid				Sogn og Fj.	Nasjonalt
	2011	2012	2013	2014	2015	
Norsk hovudmål	3,9	3,8	4,1	4,0	3,9	3,8
Norsk sidemål	4,0	4,0	4,1	3,8	3,8	3,6
Norsk munnleg	4,3	4,3	4,3	4,3	4,2	4,2
Engelsk skriftleg	3,9	4,1	4,1	4,0	4,0	3,9
Engelsk munnleg	4,2	4,1	4,4	4,2	4,2	4,1
Matematikk	3,6	3,5	3,7	3,4	3,6	3,5
Eksamen						
Norsk hovudmål		3,8	3,7	3,2	3,6	3,4
Engelsk skriftleg	3,8	4,1	4	3,7	3,9	3,7
Matematikk skriftleg	3,2		3,3	3,2	3,1	2,9

Tabell 2 Standpunktkarakterar i 10. klasse i Eid Kjelde: Utdanningsdirektoratet



Tabell 3 Barn, foreldre, skule Kjelde: Ungdomsundersøking "Helse, miljø og livsstil i Sogn og Fj.(2015)

3.2.3 Fråfall

Fråfall på Eid vidaregåande skule har variert noko frå år til år. I 2012 hadde skulen om lag halvparten så stort fråfall som snittet hjå nasjonale og regionale skular.



I løpet av dei siste åra er det stadig fleire unge som siktar mot ei utdanning på eit universitet eller ein høgskule. Samtidig er det også mange (ein av tre) som trur dei vil komme til å ta fagbrev. Jenter har høgare utdanningsambisjonar enn gutar.

3.2.4 Fritidsaktivitetar

Dei fleste barn og unge i Eid er med på ulike typar organiserte aktivitetar. Idretten organiserer klart flest. Mange er aktive i kulturskule, korps og band , og i bygdene er det stor aktivitet gjennom dei ulike 4H-klubbane. Det er tett samarbeid mellom frivillige og kulturavdelinga gjennom instrumentopplæring, musikalar og ulike arrangement. For å oppretthalde eit mangfaldig fritidstilbod, er frivillige sin innsats heilt avgjerande.

Både nasjonale og lokale undersøkingar syner at det etter 9. trinn er det ein markant nedgang i andelen som er aktive i ulike lag og klubbar, og nedgangen er større for jenter enn for gutar.

Heimen er ein viktig arena for samvær med jamaldringar, både fysisk og på nett. Generasjonskløfta er mindre enn tidlegare, tenåringer disponerer eigne rom for samvær med venner og kommunikasjonsteknologien gjer det mogleg å ha kontakt med venner heimanfrå. Nasjonale tal syner at det er litt meir enn halvparten på ungdomstrinnet som har vore heime heile kvelden to til fem gongar siste veke, medan 20 prosent har vore heime seks gongar eller meir. På alle klassetrinn er det litt fleire jenter enn gutar som er mykje heime. I løpet av dei siste åra er det ein trend i retning av at stadig færre unge brukar mykje tid ute med venner.




Tabell 4 Fritidsaktivitetar Kjelde: Ungdomsundersøking "Helse, miljø og livsstil i Sogn og Fj.(2015)

3.2.5 Mediebruk

Digitale medium spelar i dag ei sentral rolle i kvardagen til dei unge både i skularbeid og det sosiale livet. Samtidig er det store variasjonar. Nokon brukar mindre enn ein time, medan ein av ti brukar meir enn seks timar dagleg framfor ein skjerm. Gutar brukar samla meir tid framfor ein skjerm enn jenter og er langt meir opptekne av spel. Jentene er oftare på sosiale medium. Mange foreldre har lite kjennskap til dei personane ungdomane har kontakt med på nettet. Undersøkingar i Eid syner nokon av dei same trendane. Resultatet i tabellen er henta frå spørsmålet «Kor mange timer pr. dag pleier du å bruke på TV-spel/ dataspel/ internett?»

For indikatoren er det oppgitt samla svarprosent for dei respondentane som har brukt svaralternativ 4 - "4 timar" og 5 - "meir enn 4 timar". 30 % av 13- og 15-åringane nyttar skjerm meir en fire timar dagleg.



Tabell 5 Mediebruk Kjelde: Ungdomsundersøking "Helse, miljø og livsstil i Sogn og Fj. (2015)

3.2.6 Helse og trivsel

Livsstilsvanar vert ofte etablerte i ungdomsåra og kan ha mykje å seie for helse både i ungdomstida og seinare i livet. Både nasjonale og lokale tal syner at røyking, alkoholforbruk, og bruk av andre rusmiddel blant barn og unge har gått ned. I tillegg er dei fleste ungdomane fornøgde med eiga helse.

3.2.7 Psykisk helse

Ungdomstida er ein sårbar periode som byr på store omveltingar både kroppslig og mentalt. Med aukande individualisering og eit sterkare press om å lykkast i skulen, har fleire vore bekymra for utviklinga av dei unge si psykiske helse. På ungdomstrinnet syner nasjonale tal at tre av ti har opplevd å vere ganske mykje eller veldig mykje plaga av tankar om at alt er eit slit eller dei bekymrar seg for mykje om ting. Generelt er depresjon og angst dei vanlegaste plagene blant ungdom. Jenter er meir plaga og oppsøker oftare hjelp enn gutar. Konfliktfylte forhold i heimen og lite sosial støtte aukar risikoen for slike lidningar. Fleire undersøkingar syner også ein klar samanheng mellom mobbing og dårleg psykisk helse. I Eid svarar ti prosent av ungdomen både i 6.- og 10. trinn at dei «alt i alt heller mot at dei er mislykka».




Tabell 6 Sjølvopplevd helse Kjelde: Ungdomsundersøking "Helse, miljø og livsstil i Sogn og Fj.(2015)

Ungdomar som har det bra, har ofte eit positivt sjølvbilde. Sjølvbildet vert utvikla gjennom heile livet, og vert påverka av bekreftande samspel med andre. Positive tilbakemeldingar kan bidra til eit positivt sjølvbilde, medan stadig kritikk kan medverke til å gi eit negativt sjølvbilde. Det store fleirtalet av ungdomar har eit positivt sjølvbilde. I nasjonale undersøkingar meiner åtte av ti på ungdomstrinnet at dei er

fornøgde med korleis dei er, og like mange likar seg sjølve. Gutar er betydeleg meir fornøgde med seg sjølve og måten dei lever liva sine på enn jenter. Ungdom som slit med psykiske helseplager har eit spesielt negativt sjølvbilde.

3.2.8 Trening

Forskning og nasjonale undersøkingar syner at det er like mange unge som trenar i dag som for 20 år sidan, men mange er lite fysisk aktive elles i kvardagen og brukar mykje tid framfor ulike typar skjermar. På ungdomstrinnet trenar meir enn åtte av ti minst ein gong i veka. I denne alderen skjer mesteparten av treninga på eiga hand eller gjennom idrettslag. Bruken av treningsstudio aukar frå 12 prosent på 8. trinn til 51 prosent på i tredjeklasse på vidaregåande skule. Tabellen under syner at det er i underkant av 20% av 6.- og 8. klassingane i Eid som tilfredsstillar måla om ein time fysisk aktivitet kvar dag.



Tabell 7 Fysisk aktivitet Kjelde: Ungdomsundersøking "Helse, miljø og livsstil i Sogn og Fj.(2015)

Uteområda i bustadområde, barnehagar og skular betyr mykje for kor aktive barn og unge er. Områda må vere varierte med høve til klatring, springing og å bevege seg i ulendt terreng. Område med steinar, trestammar, busker og bakkar gir barna høve til spontan kreativ leik som dei sjølve finn på saman med andre. Uteområda ved barnehagane og

skulane i Eid kommune er ulike, og det er behov for ein plan for oppgradering.

Det er også viktig for auka fysisk aktivitet at barnehagar og skular har gode og trygge tilkomstveggar til grøntareal. Det vil gjere det enklare å nytte desse areala og anlegga for fysisk aktivitet som grunnlag for pedagogisk verksemd.

Skular har i dag faste treningstider i gymnastikksalar og idrettshallar. For at barn i barnehagealder også skal ha tilgang til å drive fysisk aktivitet innandørs, har også barnehagane no fått faste tider til aktivitet i nærliggande gymnastikksalar/idrettshallar.

Statistikken er henta frå prosjektet «Helse, miljø og livsstil» som er eit prosjekt med gjentekne kartleggingar av elevar i 6.-, 8.- og 10. klasse (i 2013 og 2015) i Eid og alle dei andre kommunane i Sogn og Fjordane (+ ein kommune på Sunnmøre) med start i november 2011.

3.2.9 Fysisk helse




God fysisk helse inneber å ha ein frisk og sunn kropp, vere i fysisk aktivitet, ha god ernæring og få tilstrekkeleg med kvile. Nasjonale undersøkingar syner at 13 prosent av ungdomane på ungdomstrinnet slit dagleg med fysiske helseplager som hovudverk, vondt i magen, smerter i nakke, skulder, ledd og muskulatur. 22 prosent av jentene og 12 prosent av gutane brukar reseptfrie

medikament som Paracet og liknande kvar veke eller dagleg.


Muskel- og skjelettplager og mangel på fysisk aktivitet har ofte ein nær samanheng. Studiar viser at det er ei stor utfordring for barn og unge å halde oppe eit høgt aktivitetsnivå når aktivitet ikkje er ein naturleg del av kvardagen. Det er betydeleg samanheng mellom fysiske og psykiske helseplager. Blant ungdom som slit mest psykisk er det nær fire av ti som har daglege fysiske helseplager.

Psyko-somatiske lidningar og inaktivitet hos barn aukar. Utfordringane er ofte samansette og krev tett samarbeid mellom faggrupper og heimen. Heimen er viktig med omsyn til å legge føringar for gode vanar.



Tabell 8 Søvn Kjelde: Ungdomsundersøking "Helse, miljø og livsstil i Sogn og Fj.(2015)

O er ikkje plagsamt og 10 er verst mogleg



Tabell 9 Rusmiddel Kjelde: årleg ANT- undersøking Eid ungdomsskule

3.2.10 Rusmiddelbruk

Røyking både blant ungdom og vaksne har gått markant ned frå årtusenskiftet til i dag. I dag gir røyking liten status og respekt i dei fleste ungdomsmiljø. Nasjonale data syner at det store fleirtalet aldri har prøvd sigarettar. På ungdomstrinnet gjeld dette 87 prosent, og mindre enn tre prosent røyker fast. I Eid ser ein same tendens då over 90 prosent i 10. klasse aldri har prøvd å røyke. Heller ikkje snusing er spesielt utbreidd. I Eid er det litt over 13 prosent som har prøvd snus i 10. klasse.

Til trass for at vaksne i dag ser ut til å drikke meir alkohol enn tidlegare, har dei unge sin bruk av alkohol flata ut, og frå årtusenskiftet vist ein tydeleg nedgang. Det varierer mykje kor gamle ungdommar er når dei begynner å drikke så mykje alkohol at dei kjenner seg rusa. Nasjonale tal syner at i starten av ten-åra er det tre-fire prosent som har vore rusa, medan det blant avgangselevane i vidaregåande skule gjeld 80 prosent.

Eid ungdomsskule gjennomfører årleg rusundersøking for alle elevane på skulen. Undersøkinga er unik fordi den kan syne utviklinga blant ungdomane over mange år. Frå 2005 til 2015 har det vore ein nedgang frå ca. 80 % til 30 % i tal ungdommar som svarar at dei har prøvd alkohol – meir enn smakt på, i 10. klasse. Tabellen over syner også at det er spesielt i samband med større arrangement at mange ungdommar debuterer i Eid.

3.2.11 Narkotiske stoff

Etter ein auke i bruken av hasj og marihuana fram mot år 2000, syner nasjonale tal ein markert nedgang det siste tiåret i aldersgruppa rundt 15 år. På ungdomstrinnet er det få ungdommar som har erfaring med hasj eller marihuana, og det er 97 prosent som ikkje har brukt slike stoff. Dette er også tilfelle på Eid.

Det er ein tydeleg samanheng mellom hasjrøyking og psykiske plager. Ungdom som

er mest plaga er også dei som oftast har erfaring med bruk av hasj og marihuana.

3.2.12 Risikoåtferd

Ofte har ungdom som utfører kriminelle handlingar tilleggsproblem som ustabile heimeliv, svak psykisk helse, dårleg skuletilpassing, svakt sosialt nettverk og rusproblem.

Etter ein nokså kraftig auke i ungdomskriminaliteten gjennom store deler av etterkrigstida, har ungdomskriminaliteten gått tilbake det siste tiåret. Svært få involverer seg i dei mest alvorlege handlingane. Berre fem til sju prosent rapporterer om hærverk, nasking eller tagging.

I Eid har vi institusjonar som rusposten ved Nordfjord psykiatrisenter og Mehltonet som kan vere risikofaktorar for at ungdomar og familiar med rusproblem og anna risikoåtferd buset seg her. Trass dette viser tilbakemeldingar frå lokalt politi at også Eid har hatt svært positiv utvikling når det gjeld risikoåtferd.

3.2.13 Vald

Nasjonale undersøkingar syner at vald kan ta ulik form og kan grovt sett delast inn i fysisk, psykisk og seksuell vald. Truslar og slag er mest utbreidd, og på ungdomstrinnet er det sju prosent som har fått mindre alvorlege skader. Rundt to prosent har vorte skada så sterkt at dei måtte ha legehjelp. Valdsnivået varierer nokså lite med alder, men klart flest gutar vert utsette for vald av denne typen.

Politiet har dei siste åra hatt eit stort fokus på kriminalitet knytt til vald i nære relasjonar. Trass stor innsats frå både myndigheiter og sivilsamfunn over lang tid, ramar vald i nære relasjonar framleis mange. Valden har store

kostnader, for den einkilde og samfunnet, samtidig som det manglar kunnskap på feltet.


Eventuelle utfordringar knytt til vald i nære relasjonar er eit felt ein veit for lite om også i Eid.

3.2.14 Mobbing

Mobbing er åtferd der ein person vert utsett for negative handlingar over lengre tid av ein eller fleire andre personar. Mobbinga kan vere fysisk, ved bruk av vald, eller psykisk, som vedvarande utfrysing frå venneflokket. Det er eit ujamnt styrkeforhold mellom mobbar/mobbarane og den som vert utsett for mobbing. Nasjonale tal syner at ni av ti har aldri eller nesten aldri vorte utsette for plaging, truslar eller utfrysing. Tre prosent vert utsette for slike negative handlingar fleire gonger i veka og ytterlegare tre prosent minst kvar 14. dag.

Mobbing er mest utbreidd i barneskulealder og minkar i løpet av tenåra. Dei siste åra har ein og vore meir oppmerksame på at mobbing også startar i barnehagealder. Gutar og jenter er omtrent like mykje utsette. Det er tydeleg samanheng mellom det å vere utsett for mobbing og psykiske helseplager.

Tabellen om mobbing (s.26/27) syner at det spesielt i 7. klasse har vore ein markant nedgang i mobbing, og samanlikna med både fylke og landssnitt har Eid hatt ei god utvikling.



Tabell 10 Mobbing Kjelde: Utdanningsdirektoratet

3.2.15 Digital mobbing

Både nasjonalt og lokalt har digital mobbing auka dei siste åra. Hovudmotivet for å mobbe andre på tradisjonell måte og digitalt er det same; makt over den som vert utsett for noko negativt og samkjensle med dei ein plagar saman med.



Figur 11 Digital mobbing Kjelde: Forskning.no

Forskning syner imidlertid at dei som driv med digital mobbing sjølve også ofte vert utsette for det. Dei som vert utsette for tradisjonell mobbing har og auka sannsyn for å mobbe

digitalt. Hevnmotivet blir av mange forskarar trekt fram som eit viktig tilleggsmotiv når det gjeld digital mobbing. Det er lettare å ta igjen når ein ikkje ser personen. Sosiale medium opnar for sjikane, uthenging og andre former for krenkande omtale i meir eller mindre anonyme former.

Det er i dag fleire ulike «appar» som tillet brukarane å sende anonyme meldingar til kvarandre.

Mange vel digital mobbing fordi vaksne ikke i same grad er til stades på den digitale arenaen samanlikna med den fysiske. Det kan difor vere vanskelegare å oppdage denne type mobbing.

3.3 Trendar og utvikling

Å bidra til at alle barn får ein god start i livet er det viktigaste vi kan gjere som samfunn. På 70-talet var 60 % av arbeidsstyrken ufaglært, medan det i dag berre er 20 % ufaglærte. Dette inneber auka trykk på krav om utdanning for å få eit yrkesaktivt liv. Det vert vanskeleg for mange å strekke til, og leve opp til forventningar og krav frå familie og samfunn. På landsbasis er fråfallet frå vidaregåande skule ca. 32 %, og dette gjeld særleg gutar på yrkesfag. Dette fører til at fleire unge menn vert uføre.

I følge Tor-Johan Ekeland, professor i psykologi, er ikkje bygda, slekta og familien lenger eit like sterkt «vi». Når institusjonar med klare forventningar og tryggleik for den enkelte ikkje lenger er tydelege og stabile, vert nettverksbygging meir individuelle prosjekt. Det er då lettare å falle utanfor flokken, samtidig som flokken stadig skiftar i dagens samfunn.

Gamle ideal som gangs menneske, stabilitet, lojalitet og langsiktige mål, vert erstatta med nye ideal som sjølvrealiserte menneske, fleksibilitet og resultatorientering. Denne utviklinga medfører meir fokus på sosial og kommunikativ kompetane. Barn og unge ønskjer å verte verdsette i nære relasjonar, i det sosiale livet, i samfunnet, og samtidig vil dei vere unike. Dei ønskjer å verte sett, dei vert sjølvopptekne og opplever ofte identitetshavari på vegen til å skape seg sjølv. Dei må heile tida prestere, og set store krav til seg sjølve. Dette går utover den psykiske helsa til barn og unge, der heile 20 % av studentane i Noreg slit psykisk.

Forskning har gitt oss ei auka forståing av kor viktig dei første åra av barnet sitt liv er. Spedbarn har langt større kapasitet for læring,

«hukommelse» og sosialt samspel heilt frå fødselen av enn det vi tidlegare har trudd.



Figur 12 Barnekonvensjonen Kjelde: Barneombudet

Barn er fødte med milliardar av nerveceller som skal gro saman til eit tett nøste av koplingar. I følge Dana Suskind, hjernekirurg og professor ved Universitetet i Chicago, er aktiviteten høgst dei tre første åra i eit barn sitt liv. Då vert det danna 700 til 1000 nye koplingar i sekundet. Det er språket som set mest og best fart på nervekoplingar i hjernen, som igjen legg grunnlag for læringsevne, emosjonell regulering, tenking, logikk, språk- og matematikkforståing – kort sagt: alt som trengs for å klare seg greitt i livet.

Spedbarn må i tillegg til språkstimulering ha ein tilknytingsperson som er der og regulerer barnet sine behov. Foreldra må vere begeistra for barnet sitt. Dei må forstå at barnet sitt behov for fysisk og emosjonell nærleik er grunnleggande for barnet si utvikling på linje med mat, søvn og stell.

Framveksten av kunnskapssamfunnet, eit samfunn der det vert forventat at alle har eit minimum av kunnskap, har medført at institusjonar vert ein stadig viktigare del av barna sine liv. I dag styrer barnehage, skule, SFO og fritidsaktivitetar som barna deltek i,

ein stadig større del av kvardagen som familien tidlegare tok ansvar for.

I følge Peder Haug, professor i pedagogikk, er god leiing i alle ledd viktig. Han legg vekt på at barn blir det vi gjer dei til. Gode barnehagar og skular vert det viktigaste verkemiddelet vi har for å hjelpe barn og unge til gode liv. Grunnlag for trivsel og utvikling er gode læringsmiljø. I den nasjonale satsinga «Betre læringsmiljø» vert god leiing og organisasjonsutvikling, god læringsleiing, positive relasjonar og kultur for læring og godt samarbeid mellom barnehage/skule og heim trekte fram som suksessfaktorar for å sikre gode læringsmiljø.

Barn og unge må oppleve meining i læringsaktivitetar. Dette skapar interesse og lyst til å arbeide vidare. Det gir indre driv og motivasjon for å lære meir, og meining gir meistring. Dei må og sjå nytteverdi i det arbeidet dei gjer. Denne verdien kan vere her og no, litt fram i tid eller for framtida. Barn og unge må vere deltakande med heile seg. Emosjonane må aktiverast, og engasjement og glede er viktige stikkord for god læring.

Barnehagane og skulane i kommunen må bygge på eit læringssyn der barn og unge er aktive deltakarar i eiga læring gjennom samhandling med andre. Barn og unge må få høve til å reflektere over det dei opplever og erfarer. Dei konstruerer då ei forståing av verda dei lever i. Dette krev at barnehage, skule og SFO møter barn og unge på deira eigne premisser, samtidig som opplæringa skal vere utfordrande og grensesprengande. Læring må i endå sterkare grad integrerast i lokalsamfunnet, og det må skapast gode koplingar mellom barnehagar, skular og næringslivet.

Ein god barndom gir eit godt grunnlag for vaksenlivet, men den har også ein eigenverdi i seg sjølv. I dei første åra vert grunnlaget lagt for barnet si fysiske, språklege og emosjonelle

utvikling. Gjennom å satse ressursar på barn og unge, gir vi dei ei god plattform for vaksenlivet.

Bakgrunnen til den enkelte påverkar utbyttet i barnehage og skule, men går det godt i barnehageåra, går det som regel godt vidare i livet. Dette er ei erfaring ein må ta på alvor. Ein må aldri vente å sjå viss ein uroar seg for anten det faglege eller det sosiale hos barna. Det viktigaste for barnehagelærarar og lærarar vert difor å sjå det enkelte barn, ikkje vente, men vurdere kva barnet treng som strakstiltak og korleis gjennomføre desse. Strakstiltak må evaluerast og oftast følgjast opp gjennom justeringar og langsiktig innsats.

Eit samfunn i stadig endring får konsekvensar for korleis dei kommunale tenestene rundt barn og unge bør organiserast. Ulike nivå treng forskjellig type innsikt, og det er difor svært viktig å ha kunnskap om det ein kan gjere noko med. Dette krev god samhandling mellom alle aktørar som arbeider med barn og unge, både hjelpetenester, barnehage, skule, SFO, føresette og lag og organisasjonar.

Det er viktig for den enkelte og god samfunnsøkonomi å førebygge framfor å reparere, og nettopp difor vert førebygging, tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid sentrale tema i planen. Gjennom eit sterkt fokus på dette, oppnår vi også ei framtidretta samfunnsbygging.



Figur 13 First Lego league Eid kommune

4. Å vekse opp i Eid

Det som påverkar barn og unge mest er forholda i heimen. Dette er forhold som familiestruktur, økonomi, foreldra sitt utdanningsnivå og deira evne til omsorg. Også personlegdomen til barna og deira evne til å takle omverda, er avgjerande faktorar for korleis familien fungerer.

Allereie i svangerskapet kan mor bidra til å gi barnet gode vekst- og trivselsvilkår. Dette ved å ta vare på eiga helse gjennom sunn mat, fysisk aktivitet og gode opplevingar.

Fysisk og emosjonell nærleik er like viktig for barnet som mat, søvn og stell. Gode vanar vert lagt tidleg, og foreldra er barna sine viktigaste rollemodellar gjennom heile oppveksten.

Familien står ikkje heilt åleine i foreldrerolla. Det er ulike tenester i kommunen som er direkte inne og hjelper foreldra med denne viktige oppgåva.

I tillegg til heimen, er barnehage og skule dei arenaene der barn og unge oppheld seg mest. Difor er barnehagane og skulane dei største og viktigaste tenestene for barn og unge i kommunen. Arbeidet som skjer i barnehagen og skulen er avgjerande for det grunnlaget som vert lagt for livet vidare.

Målet er at barn og unge har motivasjon for læring og utviklar seg til sjølvstendige menneske. Barn og unge vert det vi gjer dei til, og gode barnehagar og skular vert det viktigaste verkemiddelet for å hjelpe barn og unge til gode liv.

Forholda i samfunnet rundt familien er også sentrale i barna sin oppvekst. Trygge bumiljø med gode uteområde og tilkomstvegar til leike- og naturområde er viktig for trivsel og allsidig utvikling. Alle barn og unge treng ei aktiv fritid med uformelle møteplassar og fritidstilbod.

For barn og unge si helse, er det avgjerande å verne om naturressursar og hindre forureining. Eit reint og godt miljø verkar positivt inn på både fysisk og psykisk helse.

Tenester som helsestasjon, fastlege, pedagogisk-psykologisk tenestekontor (PPT), barnevern og familiekontor er eit støtteapparat både for familiar og dei ulike institusjonane.

Barn og unge er på ulike arenaer og vert utsette for ulike påverknadsfaktorar. Oppvekstområdet er samansett. Skal barn og unge i Eid få nytte og utvikle evnene sine i ein trygg oppvekst med rom for alle, må vi satse på fleire område og breitt samarbeid. Vi har valt følgjande satsingsområde:

- Støtte foreldre – legge til rette
- Utvikle tenestene - eit godt offentleg tilbod
- Fritid og samfunn

Kvart satsingsområde vert følgt opp med eigne strategiar. Desse strategiane kjem i tillegg til strategiane som er tekne med i lokale føringar i kapittel 2.

4.1 Støtte foreldre

For at barn og unge i Eid skal meistre viktige utviklingsoppgåver, både fysisk, sosialt og kognitivt, er vi avhengige av vaksne rundt barnet som har kunnskap om barn sine behov. I kapittel 3 som handlar om levekårstilhøve, trendar og utvikling, ser vi fleire utfordringar som gjer seg gjeldande. Det er i dag auka opplevde krav til prestasjonar og utsjånad blant barn og unge. Vi ser utfordringar knytt til problematisk bruk av data/sosiale medium, fleire slit med overvekt og det er auka utfordringar knytt til psykisk helse. Samtidig med nemnde utfordringar, ser ein ei endring i familiestruktur med auka tal åleineforeldre der fordeling av ansvar og omsorg for barna ofte skaper konflikhtar. Ein ser og at omsorgstiltak gjennom barnevernet aukar, og saker er ofte meir alvorlege før dei kjem til barnevernet.

Det er foreldra som kjenner barnet best og har hovudansvar for omsorg og utvikling.

Foreldra er opptekne av barna sine, og kontakten mellom barn og vaksne i familien er betre enn tidlegare. Likevel syner undersøkingar at mange foreldre er usikre i foreldrerolla og fleire foreldre bekymrar seg for barna si framtid. Vi lever i eit kunnskapssamfunn der vi finn mykje informasjon på nett. Denne informasjonen er ikkje alltid eintydig, og det vert vanskeleg å sortere kva ein skal rette seg etter. For at det offentlege best skal kunne støtte heimar som er usikre og har utfordringar i familieliv og omsorg, er eit godt samarbeid viktig. Samarbeid må byggast på likeverd. Begge partar må ha tru på at dei sjølve og den andre parten har gode føresetnader for å gjere ein god jobb.

Vi har plukka ut ulike fokusområde som vi meiner vil vere viktige for å støtte foreldra i

foreldrerolla. Felles for desse områda er at dei baserer seg på foreldrerettleiing som støttar foreldra i å gi barna ein god start og utvikle ei god fysisk og psykisk helse.



Figur 14 Eid kommune Klatrepark

4.1.1 Foreldrerettleiing

Eid kommune har allereie eit breitt samarbeid med heimane gjennom faste møtepunkt i barnehage og skule. For å utvikle dette samarbeidet, vil vi prioritere foreldrerettleiing gjennom prosjektet «Sjumilssteget» for alle foreldre frå før fødsel til og med 10. klasse. Prosjektet sikrar at foreldre får tilbod om rettleiing gjennom svangerskapskurs, barselgrupper og foreldremøte i barnehage og skule. Tiltaka skal stimulere til meir dialog mellom foreldre, barnehage, skule og tenestene om aktuelle tema for foreldre.

Samarbeid med tenestene kan bidra til tidleg innsats ved å jobbe meir førebyggjande på systemnivå. Informasjon om kva tenestene kan bidra med vil og kunne senke terskelen for å be om hjelp.

For å fremje samhald i foreldregruppa og skape eit inkluderande og solidarisk vaksenmiljø kring barna, vert foreldra også oppfordra til å gjere aktivitetar saman på fritida. Eit ope og positivt miljø vil gagne grupper som kanskje fell utanfor. Foreldre kan vere gode rollemodellar for andre sine barn. Foreldrefellesskap er også ein viktig del av det førebyggjande arbeidet mot mobbing. Gode relasjonar kan gi betre føresetnad for å løyse eventuelle konflikhtar som kan oppstå i gruppa/klassen. For at desse aktivitetane skal inkludere alle, er fokus på uformelle og nøytrale møteplassar viktig.

God foreldreåtferd styrker barna si psykiske helse. Uheldig foreldreåtferd kan ha negativ påverknad på dei minste sin tryggleik til omsorgspersonane, og seinare til andre menneske generelt. For å kunne rettleie foreldre i utviklingsstøttande omsorg, er det ulike innfallsvinklar og modellar ein kan bruke. Circle of Security (COS), eller tryggleikssirkelen på norsk, er ein slik modell. Modellen har som mål at barnet utviklar ei trygg tilknytning til foreldra sine, og dermed førebygger vanskar hos barnet. Eit barn har i hovudsak to typar tilknytingsbehov. Det treng ein omsorgsperson som kan støtte det i utforsking og fungere som ein trygg base. Barnet treng og at omsorgspersonen er der når det søker nærleik og at ho eller han kan fungere som ei trygg hamn. Det vil seie beskytte, trøste, vere god og organisere kjensler.

Tryggleikssirkelen er brukt over heile verda for å hjelpe barn i aldersgruppa 1- 6 år til å bli tryggare, til å utvikle god sjølvregulering og sosial kompetanse. Vi har allereie fleire helsesøstrer som er godkjende COS-rettliarar. Det vil vere ein styrke for oss om tilsette på arenaer som til dømes barnehage og barnevern også tek denne etterutdanninga.

Felles kompetanse vil auke evna til å sjå heilskap og sette inn rett tiltak til rett tid.

Fysisk aktivitet og eit sunt kosthald er nødvendig for å halde oss friske og ha energi i kvardagen. Det er meir utfordrande no enn tidlegare å vere aktive i kvardagen og inaktivitet hjå ungdom er eit dagsaktuelt tema. Av ulike årsaker brukar mange bilen til og frå jobb, og køyrer barna til barnehage, skule og fritidsaktivitetar. Å vere aktiv er difor eit bevisst val den enkelte må ta. Det same gjeld kosthald. Kva mat som er tilgjengeleg i heimen, er foreldra sitt val. Deira innkjøp og matvanar vil styre kva mat barn blir vane med og likar å ete. Barn flest lærer av foreldra sine vanar og tek etter dei.

Å rettleie foreldre med omsyn til fysisk helse og kosthald, kan vere med på å gi barn og unge ei god helse. Kunnskap om kva som er gode val og fokus på å finne balanse mellom aktivitet og inntak av energi, er grunnleggjande. Det er i hovudsak helsestasjon og fastlege som er naturlege instansar for helsefremmande rettleiing. Det er difor naturleg at spesielt helsestasjonen arbeider med utvikling av aktuelle tilbod på dette området.

Mange foreldre kjenner i dag på store krav i familieliv og arbeidsliv. Mange lever hektiske liv, og problem i samliv eller omsorg for barn oppstår. Når foreldra er stressa, irritable eller deprimerte, går det ofte ut over evna til å vise varme. Også evna til å vere konsekvente i å sette grenser er vanskeleg når kvardagen er krevjande. Om det gjeld problem i samliv eller i forhold til barna, er det viktig at foreldre kan samtale med fagpersonar før problema vert for store. Alternativet i dag er fastlege, helsestasjon, samtale med pedagogar eller tilmelding til andre instansar. Samarbeid med helsestasjon og familiekontor kan vere eit

tilbod når ein treng råd og rettleiing. Eit tilbod utan tilmelding og utgreiing kan vere eit viktig førebyggjande tiltak i kommunen. Før ein startar opp eit slikt tilbod i kommunen, er det naturleg å kartlegge behov og ønska innhald. Her vil det vere ein fordel om familiekontoret kan bidra med både kompetanse, erfaring og tid til samarbeid.



Figur 15 Eid kommune

4.1 Støtte foreldre - strategiar:

- Legge til rette for fysisk aktivitet gjennom auka satsing på kvardagsaktivitet for barn og unge
- Vidareutvikle system for foreldrerettleiing
- Auka fokus på førebygging 0-3 år – tidleg inn
- Utvikle samarbeid med aktuelle samarbeidspartar for eit meir heilskapleg lågterskeltilbod til foreldre
- Vidareutvikle tverrfalgeg samarbeid og rutinar for samarbeid
- Auke kompetanse og kapasitet knytt til rettleiing og oppfølging av familiar der det er knytt alvorleg bekymring til omsorgssituasjonen
- Styrke kunnskap om konsekvens av høgt aktivitets- og stressnivå hos barn og unge

4.2 Utvikle tenestene – eit godt offentleg tilbod

For at alle barn og unge i Eid skal få ein god oppvekst, må tenestene heile tida utvikle seg både internt og på tvers med andre faggrupper og sektorar. Vi må følgje samfunnsutvikling og ny forskning for å gjere oppvekstsektoren i Eid endå betre. Ved å ha barn sitt beste som drivkraft i utviklinga, har vi valt å satse på område som er viktige både basert på erfaring og forskning. Dette er leing og utvikling, trygge og inkluderande miljø, språk og lesing og samarbeid på tvers.

4.2.1. Leing og organisasjonsutvikling

Det er heilt avgjerande med god leing i alle ledd for at oppvekstsektoren i kommunen skal fungere best mogleg. Kommunen som barnehage- og skuleeigar må vere ein aktiv og kvalitetsmedviten eigar. God fagleg kompetanse i kommuneadministrasjonen gir gode avdelingsleiarar, målretta etter- og vidareutdanning og konstruktivt leiarkollegium.

Arbeidsplassen har dei siste åra vore understreka som den viktigaste arenaen for læring og utvikling. Målet er at dei tilsette utviklar seg fagleg og finn felles standard for korleis dei handlar i samspel med barn, unge og foreldre.

Teamarbeid er ei kjend arbeidsform for dei fleste avdelingar i dag. Korleis arbeidet vert organisert varierer. I Eid kommune har Eid ungdomsskule lang erfaring med teamorganisering. Ein ønskjer difor å nytte deira kunnskap og erfaring til å vidareutvikle teamorganisering også i barneskulane.

Det er leiar sitt ansvar i samarbeid med tilsette å prioritere og legge til rette for gode utviklingsprosessar på arbeidsplassen. Dette kan skje gjennom interne prosessar, der kollegiet lærer i lag, deler kunnskap med kvarandre og rettleiar kvarandre i arbeidssituasjonen. Det kan og vere nyttig med ekstern hjelp frå høgskular eller andre ressurspersonar. Desse kan mellom anna bidra med fagøktar og rettleiing av tilsette. Også samarbeid med tilsette på andre arbeidsplassar kan verke motiverande og fruktbart for utvikling og kompetansebygging. Å leie både drift og utvikling i barnehage, skule og dei kommunale tenestene elles, er ei krevjande oppgåve. Det er difor ein styrke at leiarar i kommunen har formell leiarkompetanse.

4.2.2 Variert undervisning

God opplæring krev fagleg dyktige og entusiastiske lærarar som engasjerer seg i elevane og er opptekne av å lære dei å kjenne som heile menneske. Ved å kjenne elevane har lærarane eit betre utgangspunkt for å tilpasse opplæringa til elevane sine ulike føresetnader.

Ved å ha eit samspel mellom det teoretiske og det praktiske, opnar ein fleire dører til kunnskap for alle elevane. Ein måte å gjere det på er å ta utgangspunkt i kva elevane gjer. Gjer dei berre tradisjonelt skulearbeid der dei til dømes sit ved pultane og arbeider, eller gjennomfører dei også aktivitetar der dei må knytte kunnskap til handling på andre måtar? Lykkast lærarane med det siste, blir opplæringa meir variert og relevant for elevane, og det styrkar deira motivasjon og læringsutbytte.

Ein kan gjennom varierte læringsaktivitetar få elevane meir fysisk aktive. Elevane er i dag

meir inaktive på fritida enn for få tiår tilbake. I den grad dei er fysisk aktive, er det ofte gjennom organisert aktivitet. Leiken i skogen, fotball på løkka og anna frileik er redusert. Målet må vere at fysisk aktivitet i skulen blir ein del av ein pedagogisk heilskapleg tankegang.

Praktiske aktivitetar er ofte problemløysande og utforskande, og val av løysing utfordrar gjerne også elevane sine skapande og kreative evner. Dei praktisk estetiske faga gir rikt høve til aktivitet, kreativitet, samhandling og opplevingar. Med opne oppgåver vert elevane utfordra til å finne ulike løysingar, noko som inviterer alle elevane til å delta ut frå sine føresetnader.

Å ha eit fokus på ulike metodar for læring er viktig. Det gjeld både ulike aldrar, til dømes å bruke leiken som metode for dei yngste, men også generelt ulike arbeidsmåtar og læringsstrategiar. Ulike læringsmetodar må også sjåast i samheng med utviklinga i samfunnet elles.

Omfanget og utviklinga knytt til digitale medium er ei slik samfunnsutvikling. Digitale ferdigheiter er ein viktig føresetnad for vidare læring og for aktiv deltaking i eit arbeidsliv og eit samfunn i stadig endring. Den digitale utviklinga har endra mange av premissane for lesing, skriving, rekning og munnlege uttrykksformer. Difor er digitale ferdigheiter ein naturleg del av grunnlaget for læringsarbeid både i og på tvers av faglege emne.

4.2.3 Trygge og inkluderande miljø i barnehage og skule

Eit av hovudmåla i Eid kommune er at barn og unge skal få nytte og utvikle evnene sine i ein trygg oppvekst med rom for alle. For å få eit

godt oppvekstmiljø, er det viktig at barnehagar og skular har trygge og inkluderande miljø.

Ein kultur prega av gode relasjonar, vennskap og medverknad er difor sentralt. For å skape gode læringsmiljø, må vi ha dyktige tilsette. Eit godt læringsmiljø vil gjere det lettare med individuell tilpassing som ein integrert del av fellesskapet.

Kvalitet og godt læringsmiljø er avhengig av stabilitet i personalgruppa og involvering av foreldre. Stabilitet er spesielt viktig for språklæring og sosial fungering.

Ein god skulekvardag betyr mykje for helse og trivsel. Dersom elevane opplever at dei meistrar det skulefaglege, at dei er inkluderte i eit fellesskap, har venner og støttande lærarar, kan skulen styrke og verke beskyttande på barn si psykiske helse. Vi ser i dag auka utfordringar knytt til psykisk helse. Fleire ungdommar kjenner seg stressa. Dei opplever mellom anna press og krav om høge karakterar på skulen, gode resultat i idrett, ein slank kropp, vakker utsjånad og mange «likes» på sosiale medium. Mobbing på nett er eit aukande problem. Dette er ein arena som dei vaksne ofte manglar innsyn og kjennskap til. Eit godt læringsmiljø inneber at læraren må bygge gode relasjonar til elevane, ha fokus på god klasseleiing og kjennskap til elevane sine utfordringar også utanfor skulearenaen. Gode læringsmiljø er positivt både for elevane si sosiale og personlege utvikling, og for å fremje undervisning og fagleg læring. Elevar som lykkast godt sosialt klarer seg ofte bra fagleg.

Engasjement og ansvar

Barn og ungdom har rett til å verte høyrde. Barnehagen og skulen er staden der flest barn og unge er samla. Denne arenaen er difor den viktigaste for medverknad og demokratiopplæring. Som mottakarar av ulike

tenester og deltakarar i samfunnet, har dei innspel og kunnskap vaksne ikkje har. Barn og ungdom kan tilføre nye tankar om til dømes kva tilbod som kan fungere i kommunen.

Barn og unge som får medverke, får engasjement og ansvarskjensle for korleis dei har det rundt seg.

Uteareal og ulike anlegg for fysisk aktivitet

Uteområda i barnehagar, skular og bustadområde betyr mykje for kor aktive barn og unge er. Gjennom ein plan for oppgradering og vedlikehald av uteområda ved barnehagane og skulane, vil kommunen prioritere og fordele midlar til utstyr.

Det er også viktig for auka fysisk aktivitet at barnehagar og skular har gode og trygge tilkomstveggar til grøntareal. Det vil gjere det enklare å nytte desse areala og anlegga for fysisk aktivitet som grunnlag for pedagogisk verksemd.

Skular har i dag faste treningstider i gymnastikksalar og idrettshallar. Dette er også aktuelt for barn i barnehagealder. Gjennom tilgang til å drive fysisk aktivitet innandørs, kan ein i endå større grad gi eit meir allsidig tilbod til dei minste.



Figur 16 Eid kommune

4.2.4 Språkstimulering og lesekultur

Å meistre språket er sentralt for deltaking i det sosiale fellesskapet. Barn har godt språkleg utbytte, både på kort og lang sikt, av å vere i eit miljø der dei får rikt høve til å utvide ordforrådet sitt. Deltaking i språkutviklande samtaler og tidlege erfaringar med bøker og lesing er positivt for barn si språklege, og seinare skriftspråklege, utvikling. Lesing i barnehagen kan vere med på å skape spenning og glede der barn tidleg kan få eit forhold til høgtlesing og forteljning.

Sjølv om den formelle lesekompetansen ligg hos dei vaksne, set barna i gang eigne aktivitetar basert på leseaktivitetane dei har tatt del i. Dei leikar «Pulverheksa», teiknar, leikar høgtlesing i rollelek, kopierer ordbilde, "skriv" eigne tekstar eller "les" stille for seg sjølv. Som ein del av arbeidet med språkutvikling, vert vidare arbeid med språkstimulering og lesing viktig.

Å forstå at ein lyd høyrer til ein bestemt bokstav, er ein føresetnad for å kunne lære seg å lese og skrive. I 1. klasse vert det brukt mykje tid på å lære elevane å lese. Lesing er ein av dei grunnleggande kompetansane som elevane treng i alle fag. Lesing står også sentralt i forhold til dei andre grunnleggande kompetansane som skrivning, munnleg kompetanse, rekning og digital kompetanse. Den digitale kompetansen vil alltid innebere lesing. Tekstane på skjermen må lesast på tradisjonelt vis, men samtidig krev skjermtekstar nye strategiar for å orientere seg. Å kunne rekne oppfatar vi vanlegvis som ein annan kompetanse enn å kunne lese, men begge deler føreset at du kan tolke eit teiknsystem og forstå meininga med det. No erkjenner vi at dei ulike fagtradisjonane byr på ulike leseutfordringar for elevane. Lesing må difor trenast og vidareutviklast i alle fag.

4.2.5 Kompetanse for mangfald

For at alle skal trivast og kjenne seg inkluderte, må mangfald og det å vere annleis vere ein naturleg del av kvardagen i barnehage og skule. Dei siste åra har Eid, som mange andre kommunar, fått eit større mangfald gjennom tilflytting frå mange ulike land.

Fleire barnehagar og skular satsar i dag på prosjektet «Kompetanse for mangfald». Dette er ei nasjonal satsing for å auke kompetansen til tilsette innan fleirkulturell pedagogikk, fleispråklegheit og andrespråkspedagogikk. Ulike fokusområde i Eid er mellom anna kollegabasert rettleiing, samarbeid med foreldre og bruk av tolk, bruk av digitale læremiddel og erfaringsutveksling knytt til organisering av opplæringa.

I barnehage og skule er synleggjering av barna sitt morsmål ein viktig faktor for at barn og unge med minoritetsspråkleg bakgrunn skal utvikle ein positiv identitet. Det skal opplevast meningsfullt å snakke morsmålet sitt, og det er viktig at både tilsette og foreldre anerkjenner at dette er ein ressurs.

Eid kommune har ein plan i barnehage og skule for minoritetsspråklege - «Handlingsplan minoritetsspråklege 2006». Planen har hatt som mål å skape eit heilskapleg system av rutinar rundt mottak av flyktningebarn/-ungdom. I komande planperiode vil arbeidet med prosjektet «Kompetanse for mangfald» saman med ei vidareutvikling av denne planen vere med på å sette fokus på viktige utviklingsområde innan dette temaet og sikre felles praksis i kommunen.

4.2.6 Samarbeid på tvers – ulike sektorar internt og eksternt

Barna sine problem er ikkje inndelte i fagområde, forvaltningsnivå eller kontor. Innan tenesteyting er det ofte ei utfordring å «sjå heile barnet». Helsestasjonen er ei førstelinjeteneste, og er den tenesta som følgjer barnet gjennom heile oppveksten. Tilbodet har fokus på førebygging og skulehelsetenesta er eit viktig lågterskeltilbod som er tilgjengeleg for barn og unge der dei er. I fleire samanhengar vert helsestasjonen si rolle, i eit tverrfagleg perspektiv, sentral. Som eit viktig tilbod direkte for barn og unge, som ein førebyggingsarena og som eit bindeledd i det tverrfaglege arbeidet, vert det viktig å styrke helsestasjonen både med tanke på kompetanse og økonomi.

Eit mål for kommande planperiode vil vere å styrke det tverrfaglege samarbeidet og «flytte kompetansen til barnet i staden for barnet til kompetansen».

Ulik ståstad vil vere med å prege det bildet ein dannar seg. Behovet for samarbeid er prega av dei måla og oppgåvene den enkelte instans har ansvaret for, og dei moglegheiter og avgrensingar som ligg i lovverket ein jobbar etter. Tverrfagleg samarbeid vil gjere at ein får fram eit heilskapleg perspektiv. I det tverrfaglege samarbeidet er det ikkje eit mål at alle profesjonane skal verte like, men at dei ulike faga utfyller kvarandre.

Å sette av tid og ressursar til det tverrfaglege samarbeidet vert viktig framover. Dreining frå spesielle tiltak for få, til universelle tiltak for mange og førebyggjande arbeid i form av tidleg innsats vert sentralt. Tidleg innsats kan bety tidleg innsats i eit barn sitt liv, men og tidleg innsats i ei problemutvikling.

4.2 Utvikle tenestene – strategiar:

- Sikre naudsynt leiarutdanning for leiarar
- Utvikle system for rettleiing av tilsette
- Syte for auka meistring og læring gjennom å satse på språkstimulering og lesing
- Satse på forskingsbasert kunnskap for auka læringsutbytte gjennom å gi tilbod om etter- og vidareutdanning innan fag og område som barnehage og skule treng auka kompetanse i
- Legge til rette for læringsprosessar hos tilsette for utvikling av gruppeleiing, klasseleiing og læringsleiing
- To pedagogar pr. avdeling i barnehagane
- Gjere oppdatert relevant kunnskap tilgjengeleg for barn, foreldre og tilsette kring digital dømmekraft/godt nettvett
- Styrke kvaliteten i SFO gjennom vidareutdanning i pedagogikk og leiing, og gjennom nettverksbygging mellom avdelingane
- Auke fleirkulturell kompetanse hos tilsette som gir tenester til barn og unge
- Legge til rette for integrering av einslege midreårige inn i det eksisterande ungdomsmiljøet
- Styrke samarbeidet med tenester som PPT og BUP
- Legge til rette for gode uteområde som motiverer for aktivitet ved barnehagar og skular
- Ha samla oversikt over ulike kartleggingssystem for innhenting av informasjon som gjeld barn og unge, og plan for gjennomføring
- Sikre at kvar eining har tilstrekkeleg kompetanse innan sosialpedagogikk i barnehage og skule
- Prioritere arbeidet og styrke kunnskapen knytt til psykisk helse hos barn og unge
- Styrke lågterskeltilbod til barn og unge gjennom styrking av skulehelsetenesta
- Nytte barnehage- og skulearenaen til å sikre auka fysisk aktivitet i kvardagen hos barn og unge
- Bygge opp kompetanse og eit godt tverrfagleg system for korleis ein arbeider med problematikk knytt til vald i nære relasjonar

4.3 Fritid og samfunn

I kommuneplanen sin samfunnsdel under punktet « Å tilbringe aktiv fritid i Eid» inviterer Eid kommune til eit mangfaldig fritidstilbod. Hovudmålet er at kommune, næringsliv og frivillige lag og organisasjonar skal samarbeide om å utvikle fritidsaktivitetar tilpassa dei ulike livsfasane.

4.3.1 Fritidstilbod for barn og unge i Eid


Det er viktig at alle barn, uavhengig av foreldra sin sosiale og økonomiske situasjon, skal ha høve til å delta jamleg i ein organisert fritidsaktivitet (jf. Fritidserklæringen 07. juni 2016). I ei rekkje lag og organisasjonar vert det allereie jobba godt med å inkludere barn og ungdom i organiserte tilbod. Å delta i desse tilboda gir venner, fellesskap og mange positive opplevingar. Eit samarbeid mellom lag og organisasjonar og kommunen er viktig for å nå målet om at alle barn og unge skal ha moglegheit til å vere med i minst ein aktivitet.

Den frivillige innsatsen er avgjerande for å skape gode lokalsamfunn. Tusenvis av engasjerte innbyggjarar deltek kvar dag i foreiningsliv og aktivitetar som skaper glede, samhald og fellesskap. Frivillig innsats for andre og for fellesskapet styrker banda mellom oss, og skaper eit varmare og meir inkluderande samfunn. Samarbeid med frivillig sektor gir betre kvalitet og mangfald i fritidstilbodet i kommunen.

Barn og unge i Eid har eit mangfaldig fritidstilbod. Nesten åtti prosent av alle 6.klassingane svarar at dei er med i organisert aktivitet. Ein ser likevel at ein del av barn og unge i kommunen ikkje deltek. Det er ulike og samansette grunnar til dette. Faktorar kan mellom anna vere interesse, økonomi, tilkomst, tilpassing og tilrettelegging innan aktivitetane. Samanlikna med tidlegare har

også denne type aktivitetar fått «konkurranse» med tid brukt på «skjerm» (t.d. sosiale medium og spel).

I innspel kommunen har fått frå ungdom, har manglande tilbod innan uorganisert aktivitet som til dømes ungdomsklubb, vorte framheva som eit behov. Innan fysisk aktivitet svarar mange ungdomar at dei nyttar seg av treningsstudio. Spesielt gjeld dette ungdom på vidaregåande skule som i større grad enn tidlegare er opptekne av meir fleksible treningsmoglegheiter. Mange lag og organisasjonar opplever utfordringar knytt til å halde på unge i denne aldersgruppa, noko som kan vere svært uheldig med tanke på utfordringar knytt til inaktivitet.



Figur 17 Eid kommune

4.3 Fritid og samfunn – strategiar

- Gi alle barn og unge moglegheit til å delta på minst ein fritidsaktivitet
- Vidareutvikle møteplassar i offentlege rom
- Styrke og utvikle tiltak knytt til symjeopplæring
- Ta i bruk kulturaktivitetar som eit verkemiddel for å skape betre livskvalitet hos barn og unge

5 Handlingsdel

5.1 Støtte foreldre – legge til rette							
Tiltak	Kommentar	Kven	Kostnad i 1000	Når			
				2017	2018	2019	2020
1. Innføre temaveke med fokus på kvardagsaktivitet	T.d. fokus på og informasjon til foreldra om: gå til barnehage/skule/ fritids-aktivitetar, trafikktryggleik, korleis få til meir kvardagsaktivitet	Alle kommunale barnehagar og skular i samarbeid med helsestasjon/ fysioterapi			x		
2. Evaluere prosjektet «Snakke saman – vere saman»	Årleg	Rådmannsgruppa, avdelingsleiarar i barnehage, skule og tenester, foreldre til 4. klassingar		x	x	x	x
3. Etterutdanne fleire COS-retteleiarar	Cos- Circle of Security (tryggleikssirkelen)	Tilsette i helsestasjon, barnevern og barnehage		x	x		
4. Etablere eit prosjekt der ein kartlegg behov og ønska innhald for eit eventuelt lågterskeltilbod for foreldre	Undersøke eit eventuelt samarbeid med Nordfjord familiekontor	Tverrfagleg gruppe i kommunen og familiekontoret			x		

5. Evaluering av tverrfaglege møte	Årlege (2 stk.) utviklings- og samarbeids møte knytt til generelle tema og spesifikke saker mellom barnehage/skule og ulike tenester	Alle kommunale barnehagar og skular og ulike andre tenester			x		
6. Arrangere seminar med tema høgt aktivitets- og stressnivå hos barn og unge	Informasjon til foreldre, lag og organisasjonar og ungdom	Oppvekst og helseavdeling i samarbeid med lag og organisasjonar			x		

5.2 Utvikle tenestene - eit godt offentleg tilbod

Tiltak	Kommentar	Kven	Kostnad i 1000	Når			
				2017	2018	2019	2020
1. Gi leiarar, som ikkje har leiarutdanning, årleg moglegheit til å ta leiarutdanning	Alle leiarar innan tenester knytt til barn og unge	Alle aktuelle tenester			x	x	x
2. Satse på forskingsbasert kunnskap og innføre «Beste praksis» i alle kommunale skular	Bruke eksisterande erfaring frå utviklingsarbeid i barnehagane	Kommunale skular m/SFO				x	
3. Omorganisere delar av drift frå administrasjon til team i kommunale barneskular	Ta utgangspunkt i Eid ungdomsskule sin modell for teamorganisering.	Kommunale barneskular			x		
4. Etablere hovudsatsingsområde for barnehage og skule innan språkstimulering og lesing	Regional satsing i Nordfjord	Alle kommunale barnehagar og skular		x			
5. Evaluere gruppe/klasseleing og læringsleing i barnehage og skule	Sette fokus på desse temaa og undersøke korleis ein eventuelt kan vidareutvikle dette	Kommunale barnehagar og skular					x

6. Gi assistentar og fagarbeidarar høve til utdanning	Legge til rette for fagarbeidar- og barnehagelærarutdanning	Kommunale barnehagar og skular			x	x	x
7. Etablere rutinar for årleg rettleiing og opplæring knytt til nettvett	Medietilsynet: Trygg bruk	Kommunale barnehagar og skular		x			
8. Etablere felles nettverkssamlingar for SFO-tilsette i kommunen	Møte om våren for å utveksle erfaringar og gode idear. Nettressurs for kvalitetsutvikling v/ Utdanningsdirektoratet	SFO ved kommunale barneskular		x			
9. Utarbeide tematisk plan for kvalitetsutvikling i SFO		SFO ved kommunale barneskular				x	
10. Vidareutdanning i pedagogikk og leiing for tilsette i SFO i kommunen	Gi tilsette, som ikkje har fagbrev innan barne- og ungdomsarbeid, årleg moglegheit til å ta denne utdanninga. Gi leiarar, som ikkje har leiarutdanning, årleg moglegheit til å ta leiarutdanning	SFO ved kommunale barneskular			x	x	x
11. Utarbeide eit internkurs for fleirkulturell forståing for tilsette	Samarbeid med vaksenopplæringa og organisasjonsavdelinga	Tilsette i kommunen				x	
12. Revidere «Handlingsplan minoritetsspråklege 2006»		Tverrfagleg samansett prosjektgruppe i oppvekst		x			

13. Etablere eit system for samarbeid mellom første- og andrelinjetenestene som arbeider med barn og unge	Aktuelle tenester er t.d.: BUP, PPT, tannhelsetenesta	Helsetasjonen saman med andre aktuelle tenester			x		
14. Kartlegge og systematisere kva type undersøkingar som vert gjort knytt til barn og unge innan ulike tenester i kommunen	Sjåast i samanheng med mellom anna kartleggingsprøver, nasjonale prøver og elevundersøkinga	Oppvekst, helseavdeling og planavdeling		x			
15. Kartlegge behov for og dekning av sosialpedagogisk kompetanse innan barnehage og skule	Få meir informasjon om korleis ein pr. i dag støttar elevar som treng hjelp sosialt	Kommunale barnehagar og skular			x		
16. Kartlegge og systematisere korleis kommunen ved ulike tenester kan styrke eigen kompetanse kring psykisk helse hos barn og unge og betre rettleie og støtte foreldre og barn/unge	Tverrfagleg samarbeid spesielt mellom skule og skulehelseteneste	Helsestasjon, oppvekst og andre aktuelle tenester			x		
17. Etablere psykisk helseteam	Opprette psykisk helseteam for barn og unge i kommunen	Psykiatritenesta, helsestasjon og oppvekst			x		
18. Auke ressursar i skulehelsetenesta	Sikre eit stabilt og dekkande tilbod på skulane	Helsestasjon			x		
19. Innføre 30 minutt fysisk aktivitet fire skuledagar i veka ved å bruke fysisk aktivitet som metodeval for læring i skulen	Inklusive kroppsøvingstimar	Alle kommunale skular		x			
20. Kartlegge og systematisere korleis kommunen internt og i samarbeid med eksterne aktørar arbeider med problematikk knytt til vald i nære relasjonar	Tverrfagleg samansett gruppe	Barnevern og andre aktuelle tenester og instansar		x			

21. Auke økonomisk ramme for vedlikehold og opprusting av uteområda ved kommunale barnehagar og skular	Budsjettprosess	Årleg budsjett på 200 000 kr er for lavt til å oppruste uteområda innan rimeleg tid			x		
22. Utarbeide rutinar for utvikling og gjennomføring av tiltak på uteområda til barnehagane og skulane.	Tverrfagleg samansett gruppe	Aktuelle samarbeidspartnarar er drift, fysioterapitenesta, oppvekst, planavdeling og frivillige			x		

5.3 Fritid og samfunn

Tiltak	Kommentar	Kven	Kostnad i 1000	Når			
				2017	2018	2019	2020
1. Etablere eit tverrfagleg prosjekt «Aktivitet for alle»	Fokus på inkludering, tilrettelegging og samarbeid slik at alle barn kan delta på minst ein fritidsaktivitet	NAV i samarbeid med aktuelle tenester og frivillige lag /org.			x		
2. Etablere tilbud om open hall	Legge til rette for lågterskeltilbod for dei som ønskjer eit tilbod utanom organisert aktivitet	Oppvekst- og kultursektor i samarbeid andre aktuelle tenester og frivillige		x			
3. Etablere eit prosjekt som skal arbeide med korleis ein kan få eit utvida tilbod til elevar som treng ekstra symjetrening for å nå kompetansekrava i 4.kl.	Undersøke moglegheit for samarbeid med frivillige lag og organisasjonar som til dømes Eid symjeklubb	Oppvekst/kultursektor og aktuelle frivillige lag og org.			x		
4. Etablere kulturkort for barn og unge	Eit slikt kort kan gi t.d. rabattar på ulike kulturtilbod i kommunen (kino, teater, festivalar m.m.) Sjå på moglegheit for utvida kulturkort for nokre grupper	Kultursektor og NAV			x		
5. Barnetråkk	Kartlegging av korleis barn og unge nyttar nærområde/ korleis dei opplever det	Oppvekst Drift Plan og utvikling Frivillige		x			

5.4 Tiltak uteområde

Tiltak	Kommentar	Kven	Kostnad	Når			
				2017	2018	2019	2020
Fleirbruksområde på grusbana	Rund sum	Stårheim skule	U				
Kinadisse		Stårheim skule	100	x			
Liten klatrepark/tårn		Stårheim skule	100				x
Sklie		Stårheim skule	50		x		
Paviljong		Stårheim skule	40		x		
Vippehuske		Stårheim skule	U				
Ballvegg		Stårheim skule	10			x	
Klatrestativ		Haugen skule/bhg	100			x	
Klatrestativ		Haugen skule/bhg	U				
Hexagon reiestativ		Haugen skule/bhg	U				
Mindre leikebilar		Haugen skule/bhg	30			x	
Ballbinge	Erstatte riven	Nordfjordeid skule	Prosjekt	2016			
Klatretårn	Gåve	Nordfjordeid skule	100	2016			
Sandkasse mellom skulen og Eidahallen		Nordfjordeid skule	U				

Klatretårn sør for Eidahallen		Nordfjordeid skule	U				
Trapp til Idrettsparken		Eid ungdomsskule	100				x
Klatrepark sør		Eid ungdomsskule	U				
Parkour rails	Gåve	Eid ungdomsskule	200	2016			
Vippehuske		Eid ungdomsskule	U				
Buldreveggar	Frittstående og vegg	Eid ungdomsskule	30	2016			
Bålgrop		Eid ungdomsskule	U				
Trampoline		Eid ungdomsskule	U				
Hinderhopp		Eid ungdomsskule	U				
Benksirkel		Eid ungdomsskule	U				
Klatrepark	Gåve, Eid k. driftutg.	Hjelle skule	U				
Kinadisje		Stårheim bhg	U				
Sklie		Stårheim bhg	50			x	
Sandkasser		Stårheim bhg	10			x	
Leikekjøken		Stårheim bhg	U				
Sabeltannbåt		Stårheim bhg	U				

Basketkorg, frittstående	Underlag	Stårheim bhg	U				
Klatretårn	UniMini Apista	Gjerdane bhg	100	x			
Ballbinge	70' + fundament	Gjerdane bhg	U				
Sandkasser		Gjerdane bhg	10		x		
Leikehytte		Gjerdane bhg	100		x		
Garasjeportar framfor sandkasse med tak på grunn av katteekskrement		Golvsengane barnehage	U				
Ny grillhytte		Golvsengane barnehage	U				
Ny leikehytte aust for barnehagen		Golvsengane barnehage	U				